

ÅRSMELDING ETNE KOMMUNE 2021



Innholdsliste

1. Innleiing – kommunedirektøren sine vurderingar	4
2. Samfunn- og organisasjonsutvikling.....	6
2.1 Befolkningsutvikling	6
2.2 Folkehelse.....	6
2.3 Etikk og etterleving.....	6
2.4 Kjønnsfordeling og likestilling.....	6
2.5 Risikostyring og internkontroll	7
2.6 Bustadutvikling	7
3. Årsmelding frå Økonomisjef.....	8
3.1 Nøkkeltal.....	8
3.2 Driftsinntektene	11
3.3 Driftsutgiftene	12
3.4 Finanstransaksjonar.....	12
3.5 Korrigeringsane i 2021	13
4. Administrasjon.....	14
4.1 Lønn og Personal	14
4.2 Økonomi	14
4.3 IKT	14
4.4 Service og fellestenester	15
4.5 Politisk organisering	15
4.2 Budsjett aksjonar	17
5. Oppvekst og kultur	20
5.1 Barn og unge.....	20
5.2 Barnehage.....	21
5.3 Skule	22
5.4 Kultur	25
5.5 PPT.....	30
5.5 Barnevern	31
5.5 Budsjett aksjonar	33
6. Helse og Omsorg	37
6.1 Innleiing.....	37
6.2 Helse	37
6.2.1 Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste	38
6.2.3 Psykisk helse og rustenesta	38
6.2.4 Psykososialt kriseteam	39
6.2.5 Ergo- og fysioterapitenesta	39
6.2.5 Frisklivstilbod.....	40
6.2.6 Fastlege.....	40
6.2.7 Interkommunal legevakt	40
6.2.8 ØHD	40
6.2.9 Miljøretta helsevern	40
6.2.10 Kommuneoverlege	41
6.2.11 Tenester for personar med funksjonshemming og miljøarbeidstenesta.....	41
6.3 PLO.....	41
6.3.1 Institusjon.....	42
6.3.3 Heimetenester og bemanna bu.....	43

6.3.4 Dagsenter for personar med demens	43
6.3.5 Velferdsteknologi	43
6.4 NAV Vindafjord-Etne	43
6.5 Budsjett aksjoner.....	45
7. Drift og Utvikling.....	49
7.1 Innleiing.....	49
7.2 Investering.....	49
7.3 Næring.....	49
7.4 Utvikling.....	49
7.5 Samferdsle.....	50
7.6 Bygg.....	51
7.7 Budsjett aksjoner.....	52



1. Innleiing – kommunedirektøren sine vurderingar

Pandemien har og prega året 2021, og det har vore mange ekstraordinære tiltak som har ført til at arbeidskvardagen for alle tilsette i kommunen har blitt endra og meir krevjande enn normalt. Alle tilsette har gjort ein formidabel innsats gjennom året.

I 2021 har me lært oss å leva med pandemien og krisa har vore meir eller mindre handsama i “ordinær drift”. Ekstra belastninga på organisasjonen har vore stor og økonomisk har kommunen vorte belasta med omlag 12 millionar i ekstra driftsutgifter som er knytt til pandemien. Dekninga frå staten har vore omlag 8 millionar så driftsrekneskapen og det endelege resultatet er belasta negativt med om lag 4 millionar. I 2020 var belastninga noko over 2 millionar, så totalt har pandemien kosta Etne kommune 6 millionar kroner. Noko som er betydeleg for ein liten kommune som Etne.

Etne kommune fekk eit underliggende positivt netto driftsresultat på kr 9,206 mill./2,27% i 2021. Budsjettert resultat var på 3,626 mill./0,97%, og justert netto resultat gjennom året var 5,053 mill./1,32%. Det underliggende resultatet er 4,15 mill. betre enn justert netto driftsresultat. Etne kommune har i 2021 gjennomført fleire korreksjonar i balansen som påverka resultatet.

Helse og Omsorg har vore under eit stort press og i 2021. Dette grunna pandemien. Det har i 2021 vore fokus på å få god budsjett disiplin. Og ein har jobba godt med rapportering og endå betre kjennskap til budsjett og løyvingar nedover i organisasjonen. Hovudsaka for overskridingar i budsjettet kan tilskriva Korona generelt og høgare sjukefråvæer som både direkte og indirekte kan knytast til Korona. Det har vore fullt belegg på omsorgssenteret gjennom heile året, og det same har vore tilfellet for bemanna bu i både Skånevik og Etne. Per 31.12. så var det 0 på venteliste til langtid institusjon og 1 til heildøgns bemanna omsorgsbustad (bemanna bu).

Eininga Helse har hatt stort fokus på å levera fagleg forsvarlege teneste i pandemien, og å følge dei nasjonale retningslinjene.

Oppvekst og Kultur har i 2021 laga fleire planar og rutinar som er gjeldande for barnehage og skule. Nokre av planane og rutinane er gjeldande for berre barnehagane våre eller berre for skulane våre, men fleire er altså også gjeldande for «oppvekst». «Alle timar tel» er ei ny rutine me har laga knytt til elevar og dette med fråvære. Me ynskjer at alle er på skulen kvar dag. Denne rutinen er eit viktig verktøy i det førebyggjande.

Barnehagane har fått ein ny lov knytt til eit trygt og godt miljø for ungene. Me har også hatt eit tilsyn i skulane våre på planar, rutinar og praksis på dette. Her fekk me fleire avvik som me har lagt stor vekt på. Fleire av avvika ordna me før revisjon var ferdig, men det viktigaste, den felles forståinga, blir det jobba godt med ute i alle einingane. Me har laga plan ferdig både på kommunalt nivå og lokalt ute i einingane, og det blir jobba med implementering i både barnehage og skule.

Gode lærebøker er viktig, og det blei i 2021 kjøpt inn nye lærebøker. Det vil bli supplert framover etter kvart som bøker blir tilgjengelege

I 2021 blei det vedteke at ein skal over på 5 dagars skole for 1- til 4 trinn. Dette vil starta opp i august 2022.

Arbeidskvardagen til Drift og Utvikling blei sterk prega av Covid-19 også i 2021. Det har særleg vore trykk på reinhaldsavdeling, men covid-19 har og vanskeleggjort mykje anna arbeid i avdelingane.

Alle tilsette har hatt ein fleksibel haldning til stadige endringar i anbefalingar og krav frå sentrale myndigheiter. Ein har på tross av utfordringane med Covid-19 klart å levera gode tenester til innbyggjarane våre.

Netto lånegjeld minka gjennom 2021 frå 65,2% til 64,1% av driftsinntekter, noko som er innanfor målsetjinga på 70 % etter kommuneplanen. Kommunen hadde ved utgangen av året 2021 ei samla gjeld på 319,9 mill., der lån i Husbanken for vidare utlån utgjer vel 26,3 mill.

Sjukefråværet for Etne kommune for 2021 er på 7,5% mot 6,7% i 2020. Auken kan knytast til Koronapandemien som råka verda i 2020. Det har vore ein stor belastning på mange tilsette, samtidig som tilsette ved luftvegssymptom har måtta halda seg vekke, gjennomføra Korona testing og venta på testresultat.

Organisasjonen i kommunen har vore gjennom endringar og i året 2021. Det har vore ein rekrutteringsprosess i kommuneleiinga. Ny kommunalsjef for Utvikling og Drift vart tilsett på slutten av året og tiltrer 01.04.2022.

Årsmeldinga viser at kommunen har produsert eit mangfald av tenester med god kvalitet, sjølv om ressursane har vore utfordra med høg aktivitet og belegg på alle tenestene. Vindafjord er ein viktig samarbeidskommune for Etne og me har samarbeid innan felles IKT, barnevern, skatteoppkrevjar, PPT, NAV og legevakt.

Kommunedirektøren vil til sist nytta høvet til å takka dei folkevalde for innsatsen dei har ytt gjennom politiske vedtak, diskusjonar, synfaringar og meiningsbrytingar i det offentlege rom, for å finna dei beste løysingane for innbyggjarane i Etne. Det er og på sin plass å takka dei tilsette og dei tillitsvalde i kommunen for ein framifrå innsats på alle plan og for tenester som er levert for innbyggjarane i kommunen gjennom eit spesielt år som 2021 blei.

God lesing!



Bjørn Tollefsen
Kommunedirektøren

2. Samfunn- og organisasjonsutvikling

2.1 Befolkningsutvikling

I 2021 var det eit negativt fødselsoverskot på 13 personar, ved 34 fødsjar og 47 døydde.

Samanlikna med 2020 er det ein oppgang på 1 fødsel. Dødsrate på 47 er meir mot normalen enn det har vore dei siste åra.

Endringane i dei einsskildede aldersgruppene varierer noko frå år til år. I frå 2019 til 2020 er det ein ny reduksjon i barn 0-5 år på totalt 19 barn. Barn i skulealder har og ein svak oppgang. Gruppa på over 67 år aukar også i 2021. Relativt sett har Etne kommune ein større del av befolkninga frå 0-5 år, og i skulealder 6-15, i tillegg til eldre (67+) samanlikna med landet. Dette betyr at kommunen relativt sett har fleire innbyggjarar som har behov for primærtenester frå kommunen. Samla sett betyr dette at kommunen er dyrare å driva enn landsnittet.

Delen av innbyggjarar utan arbeid i Etne er låg, og har vore relativt stabil mellom 1,4 og 2% dei siste åra. Korona har påverka talla og ein hadde eit snitt på 2,0% i 2021 kor desember viste ei positiv trend til 1,5%.

2.2 Folkehelse

Etne kommunen har forankra folkehelsearbeidet i samfunnsdelen i kommuneplanen og i 2020 blei Folkehelseoversikten for 2020-2024 vedteken. Kvart år vert folkehelseprofilen for kommunen gjort kjent. Denne skal overvakast slik at kommunen set i verk tiltak for å syta for god folkehelse i kommunen. Folkehelseprofilen viser at det er generelt gode oppvekst- og levevilkår i Etne kommune. Det er eit punkt som slår ut spesielt i dette årets profil og det er drikkevann, hygiene og stabilitet som er 86% mot fylket på 94% og landsgjennomsnitt på 90 %.

2.3 Etikk og etterleving

Etne kommunen si verksemd er underlagt ein rekkje lovar, reglar og krav. Kommunen har høg merksemd på dette og har gode rutinar for etterleving. I 2021 har det vore jobba med nytt internkontroll system som skal innførast i 2022, det er og lagt til rette for ei heilskapleg oppbygging av HMS og kvalitetssystemet, dette arbeidet vi forsetta inn i 2022.

Involvering av tillitsvalde og verneombod er viktig for kommunen og dette har vore fokus område gjennom 2021.

Dei vedtekne etiske retningslinjene for kommunen ligg i botn for alt me gjer og utfører i det daglege arbeidet på tvers i heile organisasjonen.

Etne kommune sine verdier er nedfelt i planverket og er:

- Trygg
- Raus
- Engasjert

Desse står sterkt i organisasjonen og dannar grunnlaget for leiarane, arbeid med kompetanse og personalutvikling.

2.4 Kjønnsfordeling og likestilling

Etne kommune har stort fokus på likestilling og kjønnsfordeling. Kommunen si leing består av 8 personar, kor 4 er kvinner og 4 er menn.

Det er ei strategisk målsetjing for kommunen å jobba for fleire heiltidsstillingar innan dei tradisjonelle kvinneyrka. Det gir fleire val for kvar enkelt. I 2021 er fullført eit arbeid med stillingsmatrise og lønnskategoriar. Her har ein av hovudmålsetjingane vore å sikra likebehandling på tvers i organisasjonen.

Under ser ein oversikt på heil- og deltid, og fordeling mellom kvinner og menn i heile organisasjonen. Talet på delen tilsette er vist i parentes.

Årsverk/tal tilsette					
Område	Årsverk	Heiltid		Deltid	
		Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Totalt EK	309 (422)	113 (113)	32(32)	155(258)	19(8)

Kilde: KS' PAI-register 2021

2.5 Risikostyring og internkontroll

I 2021 har det vore arbeidet med systematisk risikokartlegging og oppfylging i alle sektorar og einingar på tvers av organisasjonen. Dette er ein integrert del av det daglege arbeidet og skal og danna grunnlaget for kontinuerleg forbetring.

Internkontrollen består av mange aktivitetar, og i 2021 har melding og lukking av avvik stått sentralt. Her har me sett at lukketida for avvika har gått opp gjennom året. Det vil og vera stort fokus framover på lukketider og kvalitet på avvik. Planen for oppfylging av kvalitet i arbeidet og planar for vernerundar dannar grunnlaget for å følgja opp ansvaret for etterleving av rutinar. Her er både tillitsvalde og verneombod sentrale aktørar, og bidraget her har gjennom 2021 vore betydeleg.






2.6 Bustadutvikling

Arealrekneskapen i kommuneplan syner at kommunen har ein betydeleg bustadreserve, både for regulerte bustadtomter og framtidige område for bustad. Eit omtrentleg framsyn syner at gitt byggeaktivitet som i dag (om lag 20 bu-einingar i året) vil den potensielle reserven på om lag 500 bueningar vera tilstrekkeleg i 25 år. Fortetting i eksisterande byggeområde utanfor reguleringsplan kjem i tillegg.


Kommunen har satsa på tomteutvikling i samarbeid med næringslivet gjennom Tomteselskapet Etne AS. Det har gjennom heile 2020 vore jobba med arealdelen av kommuneplanen, og planen er at den skal behandlast og verta vedteken i løpet av året 2021.

3. Årsmelding frå Økonomisjef

3.1 Nøkkeltal






Driftsinntekter 2021





- Rammetilskot
- Inntekts- og formuesskatt
- Eigedomsskatt
- Andre skatteinntekter
- Andre overføringer og tilskot frå staten
- Overføringer og tilskudd fra andre
- Brukarbetalingar
- Salgs- og leieinntekter

Driftsinntekter 2021







3.2 Driftsinntektene

Etne kommune sine driftsinntekter består av:

- Skatteinntekter; formues-, inntekts-, og eidegdomsskatt
- Heimfallsleige, konsesjonsavgifter
- Rammetilskot frå staten
- Momskompensasjon drift og investering
- MVA oppgåve
- Diverse øymerka statstilskot
- Andre driftsinntekter inntektsført direkte på einingane, som til dømes refusjonar og sjukepengar
- Brukarbetalingar, gebyr osv.

Samla driftsinntekter i 2021 var 405,2 mill. kroner, mot 388,2 mill. i 2020 (4,4% auke).

Skatteinntekter, formue- og inntektsskatt, utgjør 131,6 mill. I 2020 var skatteinntekten, inklusiv naturressursskatt, 107,4 mill. Overføringane og tilskot i 2021 var 45,7 mill. mot 54,9 mill. i 2020. Rammetilskot auka til 156,8 mill., opp 4,3 mill. mot 2020 (152,5 mill.). Eigedomsskatten i 2021 var på 20,3 mill. mot 21,3 mill. i 2020.

Sals- og leigeinntekter utgjorde 24,9 mill. i 2021, opp frå 21,6 mill. i 2020. I førstnemnde beløp ligg sal av konsesjonskraft inne med 5,081 mill. kroner, mot 3,2 mill. året før.

Driftsinntekter	Rekneskap 2021	Reg. budsjett 2021	Oppr.budsjett 2021	Rekneskap 2020	Diff 2020-2021	Diff 2020-2021 %
1 Rammetilskudd	156 839 946	155 504 000	155 504 000	152 529 585	4 310 361	2,8 %
2 Inntekts- og formuesskatt	131 654 940	123 000 000	113 000 000	107 482 678	24 172 262	22,5 %
3 Eieendomsskatt	20 389 029	19 510 945	19 510 945	21 390 691	-1 001 662	-4,7 %
4 Andre skatteinntekter	4 293 923	4 209 000	4 209 000	4 214 734	79 189	1,9 %
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	9 292 558	7 486 450	7 486 450	15 024 364	-5 731 806	-38,2 %
6 Overføringer og tilskudd fra andre	45 720 601	41 734 425	42 434 425	54 932 680	-9 212 079	-16,8 %
7 Brukerbetalingar	12 040 426	12 332 784	12 332 784	11 063 496	976 930	8,8 %
8 Salgs- og leieinntekter	24 979 184	18 193 873	18 500 396	21 645 221	3 333 963	15,4 %
9 Sum driftsinntekter	405 210 607	381 971 477	372 978 000	388 283 449	16 927 158	4,4 %

3.3 Driftsutgiftene

Etne kommune sine driftsutgifter (eksklusiv interne tilskot) består av:

- Lønn og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjon
- Andre utgifter som tilskot og overføringer
- Avskrivningar

Driftsutgiftene kom på 401,1 mill. i 2021 (inkludert avskrivningar), mot 401,5 mill. i 2020.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde 243 mill. for 2021, mot 252 i 2020. Kjøp av varer og tenester som går inn i tenesteproduksjon summerte seg til 120 mill., mot 117 mill. i 2020. Andre overføringer 19,5 mill., mot 22,9 mill. i 2019.

Driftsutgifter	Rekneskap 2021	Reg. budsjett 2021	Oppr.budsjett 2021	Rekneskap 2020	Diff 2020-2021	Diff 2020-2021 %
10 Lønnsutgifter	195 358 803,4	191 683 929,0	186 383 962,0	194 192 480,9	1 166 322,5	0,6 %
11 Sosiale utgifter	48 072 050,5	46 321 398,0	50 811 342,0	58 019 957,3	-9 947 906,8	-17,1 %
12 Kjøp av varer og tenester	120 313 122,1	111 247 896,0	99 270 890,0	117 618 396,2	2 694 725,9	2,3 %
13 Overføringer og tilskudd til andre	22 271 602,7	17 938 853,0	24 359 721,0	19 563 297,4	2 708 305,3	13,8 %
14 Avskrivningar	15 091 338,3	12 738 717,0	12 738 717,0	12 125 725,0	2 965 613,3	24,5 %
15 Sum driftsutgifter	401 106 916,9	379 930 793,0	373 564 632,0	401 519 856,8	-412 939,8	-0,1 %
16 Brutto driftsresultat	4 103 690,2	2 040 684,0	-586 632,0	-13 236 407,6	17 340 097,8	

3.4 Finanstransaksjonar

Etne kommune har alle sine lån til flytande rente. Snittrente i KBB er pr 31/12/2021 på 2,379%.

Finansinntektene består av renteinntekter, utbyte, finansielle gevinstar samt mottekne avdrag på utlån. Dei utgjorde til saman 5,3 mill. i 2021 mot 1,9 mill. kroner i 2020. Kommunen hadde ikkje aktiva forvaltning i 2020.

Finansutgiftene består av renter og avdrag. I det kommunale rekneskapsystemet vert avdraga ført som utgifter i driftsregnskapet, ikkje avskrivningar som såleis ikkje har resultat effekt. Renteutgiftene i 2021 var på 6 mill. mot 4,7 mill. i 2020. Avdragsutgiftene 9,2 mill. i 2021, mot 9,1 mill. i 2020.

Finansinntekter	Rekneskap 2021	Reg. budsjett 2021	Oppr.budsjett 2021	Rekneskap 2020	Diff 2020-2021	Diff 2020-2021 %
17 Renteinntekter	1 104 633,0	1 170 000,0	1 170 000,0	1 877 234,4	-772 601,3	-41,2 %
18 Utbytter	221 594,8	0,0	0,0	78 473,4	143 121,4	182,4 %
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidl	3 980 315,1	2 940 000,0	2 940 000,0	0,0	3 980 315,1	-
20 Renteutgifter	6 027 749,6	5 033 444,0	3 833 444,0	4 765 480,1	1 262 269,6	26,5 %
21 Avdrag på lån	9 267 712,0	8 802 000,0	8 802 000,0	9 166 269,0	101 443,0	1,1 %
22 Netto finansutgifter	-9 988 918,7	-9 725 444,0	-8 525 444,0	-11 976 041,4	1 987 122,7	-16,6 %
23 Motpost avskrivninger	15 091 338,3	12 738 717,0	12 738 717,0	12 125 725,0	2 965 613,3	24,5 %
24 Netto driftsresultat	9 206 109,8	5 053 957,0	3 626 641,0	-13 086 723,9	22 292 833,7	

3.5 Korrigeringane i 2021

I 2021 har Etne kommune gjennomført fleire korreksjonar i balanse (oppløyst i Årsrekneskap 2021, note 16). Desse utgjere cirka 4,3 mill. av ekstra utgifter og cirka 6,5 mill. i ekstra inntekter, som påverka 2021 resultatet.



4. Administrasjon

4.1 Lønn og Personal

Lønn og personal

Einingar har 4 tilsette (3,6 årsverk) og har ansvar for lønnsutbetalingar (for egne tilsette og tilsette i kyrkja), rådgjeving innan personalområdet, lov- og avtaleverk, rapporteringar til andre offentlege etatar (t.d. pensjon, AA-register, forskotstrekk, arb.gj.avgift, fråvære) avstemming mot rekneskap, refusjonar, tilsetjingar, utarbeiding av ulike retningslinjer og reglement, deltaking i endringsprosessar (nedbemanning, organisatoriske endringar), vernearbeid, lokale lønnsforhandlingar, AMU og IA, pensjon, medarbeidarundersøkingar, kvalitetssystem og avvikssystem.

Lærlingar

I 2020 blei det utarbeida ein lærlingstrategi der Etne kommune ønskjer å auke talet på lærlingar og å kunne tilby læreplassar i fleire fag; Byggdriftarfaget, kontor- og administrasjon og institusjonskøkk i tillegg til helsefag, barne- og ungdomsarbeidar og IKT.

Hausten 2021 hadde Etne kommune 7 lærlingar, 2 i barne- og ungdomsarbeid, 3 i helsefag, 1 IKT-lærling og 1 lærling i byggdriftarfaget.

4.2 Økonomi

Eininga har 5 tilsette (4,5 årsverk) og har ansvar for rekneskapsføring, budsjett, innkjøp, finansforvaltning og rapportering til kommunestyret og leiargruppa.

I 2021 har me fokusert på oppgradering av lisensar, rutine og digitalisering av prosessar. Vi har installert nye moduler i Visma og oppgradert til Enterprise pluss (sky basert løysning).

Implementering av nye rutinar og prosedyrar har vore ein veldig krevjande prosess for økonomieininga samt kommunalsjefar, einingsleiarar og avdelingsleiarar. Dette vil hjelpe Etne kommune til å ha betre føresetnader i framtidige budsjettprosessar.

Økonomiavdelinga har også utarbeide eit nytt økonomireglement som vil bli presentert i 2022.

4.3 IKT

Etne kommune har sidan 2015 vore vertskommune for felles IKT-eining for Etne og Vindafjord kommunar. Eininga har ansvar for drift og utvikling av Etne og Vindafjord kommune sine IKT system, og har 7 tilsette og 1 lærling. Sommaren 2021 gjekk ein IKT rådgjevar frå felles EVIKT over til ny stilling som Digitalisering sjef for Etne Kommune.

I 2020 og utover våren 2021 fortsette diskusjonar rundt eit eventuelt felles IKT på Haugalandet ilag med Vindafjord, Tysvær, Karmøy og Sveio. Etter ei heilheits vurdering valte Etne som første kommune å trekke seg frå dette arbeidet, og like etter valte Vindafjord å gjer det same. Det blei ilag med Vindafjord då bestemt at Etne og Vindafjord fortset ilag som tidlegare men også ska sjå på kor me kan forbetre samarbeidet, bl.a. med tanke på Digitalisering.

I 2021 har me jobba med å fullføre nettverk og serveromlegginga som blei påbegynt i 2020. Ein person har jobba nesten full tid med dette i 2021. Me har nå fått ei robust og god løysing som også er langt tryggare, enklare å drifte og har langt meir kapasitet enn me hadde tidlegare.

Kommunen har hatt eit stort etterslep på gammalt PC utstyr, dette har me fått gjort noko med i 2021, slik at nå skal tilnærma alle PCer vært oppdaterte og være mindre enn 5 år. Framover vil me fortsette med denne utbygtinga for å holde PCer og anna utstyr oppdatert. Leveringssituasjonen på utstyr er svært utfordrande med leveringstid på oppimot 1 år, men me prøver å planlegge fram i tid og gjer det beste ut situasjonen.

4.4 Service og fellestenester

Eininga har 6 tilsette (5,5 årsverk) og har ansvar for post/arkiv, politisk sekretariat, val, telefonsentral, kundebehandling/informasjon, heimeside/intranett/Facebook, skjenke og serveringsløyve m.m.

Felles sak og arkivsystem på Haugalandet

Prosjektet var ferdig innan tidsramma som var sett til 30.06.21.

Heimeside/intranett/skjemaløysing

Ny heimeside vart publisert 15.04. Dei nye sidene er eit samarbeid mellom Tysvær, Haugesund, Etne, Vindafjord, Bokn og Sveio. Desse seks kommunane som har felles publiseringsløysing frå ACOS, har hatt eit tett og godt samarbeid når det gjeld design, innhald og funksjonalitet.

Arbeidet med intranett vart sett i gong hausten 2021. Lansering vart 02.12. Portalen er for alle tilsette i Etne kommune. Her samlar me interne tenester på ein stad og blir brukt til kommunikasjon og kunnskapsdeling med dei tilsette.

4.5 Politisk organisering

Overordna mål frå kommuneplanen:

«Etne kommune skal vera ein god og attraktiv arbeidsgjevar, der ein gjennom sams haldningar arbeider til beste for heile kommunen.

Politisk styring

I Etne kommune sit det 17 representantar i kommunestyret. Representantane utgjer respektive Formannskap med 7 medlem, Driftsutvalet og Forvaltningsutvalet med 5 medlem i kvar. Den politiske organiseringa har vidare fleire råd og utval som Kontrollutval, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsråd. Det har vore eit omval på person. Inga Rullestad (Sp) gjekk ut, Reidar Berge (Sp) erstatta henne.

Kommunestyre

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp) Ordførar
Kari Aakra (Sp)
Reidar Berge (Sp)
Ståle Tungesvik (Sp)
Liv Kaldheim (Sp)
Anita Larsen (Sp)
Andreas Aune (Sp)
Kenneth Lyng Karlsen (Frp) Varaordførar
Trude Enge (Frp)
Renate Sævareid (Frp)
Johannes Kringlebotten (Frp)
Siri Klokkestuen (Ap)
Tollef Rullestad (Ap)
Knut Erik Ebne (Krf)

Formannskap

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (Sp)
Kari Aakra (Sp)
Kenneth Lyng Karlsen (Frp)
Siri Klokkestuen (Ap)
Lars Olav Bergsvåg (H)
Knut Erik Ebne (Krf)
Kristin Golf (V)

Forvaltningsutvalet

Andreas Aune (Sp) Leiar
Anita Larsen (Sp)
Trude Enge (Frp)
Johannes Kringlebotten (Frp)
Kari Johansson (Krf) Nestleiar

Kari Johansson (Krf)
Lars Olav Bergsvåg (H)
Kristin Golf (V)

Kontrollutvalet

Tollef Rullestad, (Ap) Leiar
Ragni Sunniva Fett (V) Nestleiar
Kjetil Winterthun (Frp)
Nina Vierdal Vee (Sp)
Øyvind Kaldheim (Krf)

Driftsutvalet

Renate Sævareid (Frp) Leiar
Ståle Tungesvik (Sp) Nestleiar
Tor Kleppa (Ap)
Liv Kaldheim (Sp)
Reidar Berge (Sp)

Saker	2020	2021
Kommunestyre	74	74
Formannskap	61	56
Driftsutvalet	40	22
Forvaltningsutvalet	92	91



4.2 Budsjett aksjonar

MÅL	Måltall	K.Plan	Startdato	Sluttdato	Status	Kommentar
ADMINISTRASJON						
Det er generelt lågt sjukefråvære i einingane, og intensjonen er å halda dette låge nivået.	<3%	8.6				
Mål for Lønn og Personal						
Me skal ha trygge, rause og engasjerte medarbeidarar med rett kompetanse i alle stillingar. Leiarane skal vera tydelege, inspirerande og motiverande ut frå felles verdigrunnlag og leiarfilosofi.		8.3				
Me skal vera del av ein lærande organisasjon, der arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen og medarbeidarane har merksemd på kontinuerleg forbetring.		8.4				
Me skal vera ein kommune med eit inkluderande arbeidsliv som har fokus på førebygging og tilrettelegging for tilsette og med eit mål om sjukefråvær på 4% eller lågare. Kommunen skal stimulere til fysisk aktivitet for dei tilsette.		8.6				
Etne kommune skal arbeida aktivt for å leggja til rette for lærlingar.		8.7				
Digitalisering av prosessar og rutinar						
Målindikator						
Medarbeidarundersjøkin i oddetalsår - svar %	>80%		01.09.2021	30.11.2021		Utsett til 1. kvartal 2022
Medarbeidarsamtalar i heile organisasjonen	80%		01.04.2021	31.12.2021	70 %	Gjennomføre kontroll, sende oppmoding til leiarane
Stillingsomtalar t.o.m. avdelingsleiar- og/eller fagansvarleg nivå	Alle			30.03.2012	90 %	Pågåande
Overordna rekruttering- og kompetanseplan	Ferdigstilt			31.12.2021	20 %	Pågåande - overført som mål til 2022
Sjukefråvære for Etne kommune	4%			31.12.2021	7,5 %	
Oppfølging av sjukmeldte i tråd med vedtatt rutine	100 %			31.03.2021	90 %	Kontinuerleg oppfølging
Verifisering - tilsette over maksdato	100 %			30.03.2021	95 %	Gjennomført - vil vera mål og i 2022
Leiarar, verneombod og AMU-medlemmer skal ha lovpålagde kurs	100 %			31.01.2021	100 %	Gjennomført
Vernerundar i alle sektorar	2 pr sektor	Kvar sektor må ha eigne mål		31.12.2021	100 %	Gjennomført i tråd med eigen plan
Lærlingstrategi	Jf. måltal i strategien			31.07.2021	73 %	I flg lærlingstrategien skulle ein hatt 11 lærlingar skuleåret 2021/2022. Vi hadde totalt 8 lærlingar.

Mål for Økonomi						
Me skal ha økonomisk handlingsrom og ei berekraftig økonomistyring		9.1				God økonomistyring per d.d.
Me skal redusere etterslep på vedlikehold. Me skal til ei kvar tid ha ei oppdatert oversikt over behov for vedlikehold på kommunal eigedom.		9.2		31.08.2021		oversikt eiendom - pågår
Enøk og inneklime er satsingsområde, kommunen skal redusere strømførbuket med 10% innan 5 år.		9.3				
Digitalisering av prosessar og rutinar						Pågår
Målindikator						
Oppretting av avtale og leverandørregister	aug.21		01.01.2021	31.08.2021	70 %	flyttet til 2022
Auke i e-handel	12% innan 2024		01.01.2021	31.12.2024	100 %	mål 8% i løpet av 2021 - fullført for 2021
Iverksetting strømførbuket strategi	des.21	9.3	01.01.2021	31.12.2021	0 %	ikkje påbegynt - flyttet til 2022 (Klima og energi plan)
Digitalisering av alle bilag i rekneskap	jun.21		01.01.2021	30.06.2021	100 %	Fullført
Tilstrekeleg likviditet	>1		01.01.2021	31.12.2021	100 %	Fullført
Auke EHF i kommunen	>95%		01.01.2021	30.09.2021	90 %	Pågår
Mål for EVIKT						
EVIKT skal ha høge ambisjonar for eit stabilt og oppdatert driftsmiljø og skal være ein pådrivar for digitalisering i kommunen						
Me skal ikkje ha utdatert og gamle PCer, servere og nettbrett		8.4 og 8.3 gjeld alle				
Me skal ikkje ha PCer og servere med usupportert Windows						
Responstid på hjelp/brukarstøtte skal være innanfor SLA						
Målindikator						
Del utstyr som er eldre enn oppgitt max alder	1,00		01.01.2021	01.01.2022	< 1%	
Andelen usupportert Windows PC	1,00		01.01.2021	01.01.2022	< 1%	
Andelen usupportert Windows Server	1,00		01.01.2021	01.01.2022	< 1%	
Del brot på SLA, respons i år	<5%		01.01.2021	01.01.2022	6 %	

Mål for Service og fellestenster						
Folkevalde og medarbeidarar samarbeider for at kommunen når sine mål og gir eit godt omdømme.		8.1				
Me skal vera del av ein lærande organisasjon, der arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen og medarbeidarane har merksemd på kontinuerleg forbetring.		8.5				
God særvis skal ytast både mot innbyggjarar, næringsliv og andre medarbeidarar.		8.4				
Målindikator						
Ny heimeside/intranett	01.apr.21		01.01.2021	31.10.2021	100 %	Heimeside publisert i april. Intranett vart publisert i desember.
Medieplan	31.12.2020		01.01.2021	01.02.2021	100 %	Planen er ferdig og tatt i bruk
Politisk sekretariat – oppfølging av vedtak	100 %		01.01.2021	31.12.2021	100 %	Rutine med påføring av vedtakskode er klar. PS sjekkar status pr. 2 månad



5. Oppvekst og kultur

LBS

2021 har me hatt fleire LBS-møte med fokus på utvikling og læring. Her er fokuset å få eit større samarbeid rundt barn og unge i Etne. Leiarane i barnehage og skule, kulturskulen, PPT, skulehelsetenesta, rådgjevar for skule og hovudtillitsvalt er med i møta der kommunen med kommunalsjef er leiar i møta. Fokuset er å rigga laget, lyfta og utfordra kvarandre som leiarar og landa ei felles forståing med eit mål om det beste for barn og unge i Etne. Me ser at det er eit behov for å samkøyra oss i større grad.

Bli Z

Etne kommune frontar Bli Z som ei satsing. Denne satsinga blei starta på slutten av 2016, og er eit arbeidsverktøy for tverrfagleg samhandling i Etne kommune. Ti kommunar i Sunnhordland og på Haugalandet er med i dette arbeidet.

Det var i 2020 også ei vidareføring av Bli Z – betre tverrfagleg innsats (BTI) i skule og barnehage.

I starten av 2020 blei det bestemt at Stafettloggen skal brukast som samhandlingsverktøy mellom heim og eining. Dette er eit verktøy som kan vera med på å betra samhandlinga med føresette og andre instansar. Dette verktøyet er i bruk i alle einingane våre. Ambisjonen for oppvekst er «heim og eining» noko som samsvarar med satsinga til kommunen. Det er faste samarbeidsmøte i Bli Z – gruppene og eit stort fokus på å få til eit betre tverrfagleg samarbeid.

Mot

Etne har sidan 2007 vore eit lokalsamfunn med MOT, og ein har nytta MOT i skulane like lenge. MOT er eit program som rettar seg mot elevar på 8.- 10.steget. MOT sin filosofi er å skapa robust ungdom som inkluderer alle. Filosofien består av to hovudelement; verdiar og prinsipp. MOT sine verdiar er MOT til å leva, MOT til å bry seg og MOT til å seia nei. MOT sine prinsipp handlar om å arbeida i forkant, sjå heile menneske, forsterka det positive og nytta ansvarlege kulturberarar til å inkludera alle.

MOT er godt forankra på begge skulane og me har i år fire MOT coach-ar (lærarar) som jobbar med å byggja robust ungdom i Etne kommune, to på Skånevik skule og to på Enge skule.

Det var ein plan om å koma i gang med å forsterka arbeidet ved at ein nytta seg av tilleggsprogrammet til MOT som heiter Skulen som samfunnsbyggjar. Heile personalet 1. -10.klasse ville då få opplæring i verdiane og filosofien til MOT. Skulane håpa at ein på denne måten ville kunne koma i betre posisjon til å få det forankra både i skulen og lokalmiljøet og at effekten av dette blir at endå fleire blir inkluderte og opplever ein følelse av fellesskap. Her har ein dessverre ikkje fått starta opp. Grunna korona har det heller ikkje vore samarbeid med andre skular knytt til dette.

5.1 Barn og unge

Overordna mål frå kommuneplanen:

«Barn er framtida og vår viktigaste investering. Me gjer barn og unge budde på livet ved å sikra kunnskap og god helse. Oppvekstvilkåra skal vera prega av trivsel, tryggleik, ambisjonar, aktivitet og å skapa gode barndomsminne.»

Me har i 2021 laga fleire planar og rutinar som er gjeldande for barnehage og skule. Nokre av planane og rutinane er gjeldande for berre barnehagane våre eller berre for skulane våre, men fleire er altså også gjeldande for «oppvekst».

«Alle timar tel» er ei ny rutine me har laga knytt til elevar og dette med fråvære. Me ynskjer at alle er på skulen kvar dag. Denne rutinen er eit viktig verktøy i det førebyggjande.

Barnehagane har fått ein ny lov knytt til eit trygt og godt miljø for ungene. Me har også hatt eit tilsyn i skulane våre på planar, rutinar og praksis på dette. Her fekk me fleire avvik som me har lagt stor vekt på. Fleire av avvika ordna me før revisjon var ferdig, men det viktigaste, den felles forståinga, blir det jobba godt med ute i alle einingane. Me har laga plan ferdig både på kommunalt nivå og lokalt ute i einingane, og det blir jobba med implementering i både barnehage og skule.

Kvalitetsplanen for oppvekst er gjeldande. Kvalitetsplanen viser kva prioriteringar kommunen har gjort, og vil vera førande fram mot året 2025. Planen skal vera eit verktøy for einingsleiarar og leiargrupper i avdelingane oppvekst og kultur, og fungera som eit grunnlagsdokument med gitte utviklingsområde når ein lagar handlingsplanar i sine einingar. Planen skal evaluerast årleg i samband med årsmeldinga. Dette er eit ansvar som ligg på einingsleiarane i samarbeid med kommunen, barnehage- og skuleeigar. Kvalitetsplanen viser oppvekst sine tre satsingsområde; Folkehelse og livsmeistring, utviklande læringsfellesskap og digital kompetanse. Det er også fire prinsipp som skal vera med å prega praksisen; tilpassa opplæring, relasjonar, lærande profesjonsfellesskap og djupnekunnskap. Innramminga for satsingsområda og prinsippa for praksis er visjonen; **steg for steg** og ambisjonen; **heim og eining**.

Inkluderande barnehage- og skulemiljø

Barnehagane og skulane starta i samarbeid med Utdanningsdirektoratet opp prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» i 2018. Skulehelsetenesta og PPT er samarbeidspartar i prosjektet. Prosjektet vart evaluert i februar 2019. I all hovudsak har skulane og barnehagane opplevt prosjektet som ei god hjelp i arbeidet med å utvikla barnehage- og skulemiljøet. Me ser på dette prosjektet som ein god start på eit vidare arbeid. Det viktigaste i dette arbeidet er at alle barn og unge opplever eit inkluderande og godt læringsmiljø. Dette blir det arbeida godt med i barnehagane og samsvarar godt med rutinar for eit trygt og godt barnehagemiljø.

Digital læring skule

Digitale dugleikar er ein av dei fem grunnleggjande dugleikane i kunnskapsløftet. Digitale dugleikar skal integrerast i alle fag. I tillegg skal nasjonale prøvar gjennomførast digitalt. Eksamen vert også i større grad gjennomført digitalt. Etne kommune har iPad til alle elevar. Elevar og føresette vil finna skulearbeid på læringsplattform, og dei kan også levera inn heimearbeid på same plattform.

Digital læring barnehage

Den nye rammeplanen for barnehagane, som gjeld frå 2017, legg stor vekt på den digitale praksisen i barnehagen. Etne kommune kjøpte inn iPad til pedagogane og til kvar avdeling. iPad er i bruk, men det blir lagt mest vekt på fysisk aktivitet og anna leik i barnehagane våre.

5.2 Barnehage

Det er lågt fødselstal i Etne kommune for andre året på rad. I 2020 blei det fødd 33 born medan det i 2021 blei fødd 34 born.

Barnehagane har hatt eit godt samarbeid over tid, og dei samarbeider godt med m.a. å utarbeida rutinar på ulike område. Det har vore eit utfordrande år, og barnehagane har samarbeidd godt til beste for borna.

Barnetalsutvikling

Eit gjennomsnittleg barnekull har vore på om lag 50 born. Dei to siste åra har barnekulla lege under dette, og svært lågt i 2020. Dette vil etter kvart slå ut på elevtala i skulen.

Barnetal	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Kommune	34	33	44	52	46	55

Barnehage	0	24	44	50	46	53
Del born i bhg	0%	74%	100%	95%	10%	95%

I 2021 var det 55 nye søknader ved hovudopptaket.

Pr 01.03.2022 er det 24 nye søknader. Det var plass til alle og alle fekk innvilga det første alternativet dei søkte om.

Spesialpedagogisk hjelp

Del born i barnehagealder som har hatt behov for spesialpedagogisk hjelp, har over tid lege på 3-4%. Pr. 31.12.2021 har 2,75% av borna i Etne kommune spesialpedagogisk hjelp. Ordninga med spesialpedagogisk ressursgruppe fører til at born som treng ekstra hjelp, kan få det raskt og ofte utan vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Det vil vera best for borna om flest mogeleg kan få den hjelpa og støtta dei treng innan det ordinære tilbodet i barnehagane. Me har over tid arbeidd for at det skal vera større samanheng mellom ekstra tiltak og det ordinære.

Barnehagemiljø

01.01.2020 vart det innført eit nytt kapittel i barnehagelova om psykososialt barnehagemiljø. Følgjande er nå lovpålagt:

- § 41 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid
- § 42 Plikt til å sikra at barnehageborna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø
Dersom ein oppdagar eller får melding om at eit barn ikkje har det trygt og godt, har barnehagen aktivitetsplikt.
- § 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenkjer eit barn.

Barnehagane i Etne kommune har over tid arbeidd godt for at borna skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø. Me det er godt dette også vert lovfesta på same vis som det er for skulen. Etne kommune vil arbeida med å oppdatera rutinar etter lovendringa.

Utviklingsarbeid

Både Enge og Skånevik barnehage er med i den nye sentrale kompetansesatsinga Regional kompetanseutvikling (ReKom). Dette er den nye måten Udir legg til rette for kompetanseutvikling. Utviklingsarbeidet er barnehagebasert. Dette vil seia at alle tilsette i barnehagen deltek, og det meste går føre seg lokalt i barnehagen. Satsinga tar utgangspunkt i det eininga ynskjer å arbeida med og utvikla. NLA-høgskulen er inne som ressurs for barnehagane. Skånevik barnehage har barnehagemiljø som satsingsområde. Enge barnehage har satsingsområdet å bli ein meir lærande organisasjon. Fleire av møta har ein måtte ha via Teams, men det har likevel vore nyttige møte.

5.3 Skule

Me har i også i 2021 tatt eit steg for å samkøyra skulane i større grad. Det har vore eit samarbeid mellom leiarane og det har blitt utarbeida felles rutinar på ulike område. Det har vore eit spesielt år, og det har vore eit behov for eit større samarbeid.

Spesialundervisning/tilpassa opplæring

Inkludering er overskrifta for arbeidet i skulane. Me har hatt ein tettare dialog med PPT for å bli betre til å bruka systema me har i dette arbeidet. Dei siste åra viser små variasjonar i talet på elevar som får spesialundervisning, og skulane i Etne ligg med 9,18% spesialundervisning pr 31.12.2021. Pr 31.12.2020 var talet 10,91%. Målet er å koma ned mot 8% i 2022. Kommunen og skulane arbeidet tett med PPT og

målet er å få til ei betre tilpassing i det ordinære slik at fleire elevar får opplæringa si gjennom ordinær undervisning. Begge skulane har ein kontaktperson frå PPT som er inne på skulen faste dagar.

Ny læreplan og nye lærebøker

Skulane har ny overordna del og nye fagplanar som er gjeldande. Me jobbar etter gjeldande læreplanar og har fått kjøpt inn ein del nye bøker som samsnakkar med dei nye fagplanane. Det er viktig for skulane å ha lærebøker, og vil kjøpa inn etter kvart som nye lærebøker blir ferdige og ein har fått gjort ei vurdering.

5 dagar skule for alle

For skulane i Etne vil det i frå august 2022 bli 5 skuledagar i veka for alle. Det er laga ein plan for fem timar kvar dagar for 1. – 4. trinn. Dette betyr at det bli ei ny fordeling av fag og timar, og målet er å skapa ein betre flyt i skuleveka.

For 5. – 7. trinn vil det også vera dagar med fem timar. Alle elevane i 1. – 7. trinn har fem timar tysdag. Dette for å leggje til rette for samarbeidstid, utviklingstid for tilsette.

Resultat

Det var ikkje eksamen i 2021. Udir har tilrådd at eksamen også i 2022 vert avlyst. Regjeringa har enno ikkje gjort vedtak.

Indikator og nøkkeltal	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Etne kommune	38,9	38,0	39,8	39,8	41,4	41,5	42,2	42,5
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Kommunegr. 04	39,2	40,4	40,7	41,0	41,6			42,3
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Hordaland fylke	40,7	41,3	41,5	41,7	42,2		43,1	43,4
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt - Nasjonalt	40,3	40,7	41,1	41,4	41,7	41,9	43,1	43,2

Tala viser at Etne stort sett har lege litt under landssnittet, men har nærma seg dei siste åra. 42,5 vil seia karakteren 4,25 (som i praksis er 4) i snitt. 43,2 (landssnittet) vil seia karakteren 4,31 (som i praksis er 4) i snitt. Det er difor berre marginale variasjonar. Målet må likevel alltid vera at alle elevane skal oppnå sitt høgste potensiale. Det har vore ei positiv utvikling i perioden.

SSB viser til at elevar med færre enn 30 grunnskulepoeng (karakteren 3 i snitt) i svært liten grad fullfører vidaregåande opplæring (VGO). Forsking peikar på at elevane bør har over 35 grunnskulepoeng for å kunna gjennomføra VGO. Det vil difor vera viktig at flest mogeleg elevar oppnår minst 35 grunnskulepoeng (karakteren 3,5 i snitt). Etne har som mål å liggja på eller over landssnittet.

Gjennomføring vidaregåande opplæring

År	2012-2014	2013-2015	2014-2016	2015-2017	2016-2018	2017-2019
Heile landet	73	73	74	75	77	77
Vestland	74	75	76	77	78	78
Etne	78	78	83	87	89	86

Tala viser at elevane frå Etne har betre gjennomføring enn både landet og Vestland. Det er ein viktig målestokk på at ein har lukkast med opplæringa. Så ynskjer me i tillegg at sluttresultata i 10. klasse hevar seg til minst landssnittet.

Ressursbruk

Udir - Undervisningspersonell					
Etne kommune, Grunnskule, Undervisningspersonell, Alle steg, Begge kjønn					
Indikator og nøkkeltal	2017-2018	2018-2019	2019-2020	2020-2021	2021-2022
Årsverk for undervisningspersonale - Etne kommune	50,6	51,0	52,5	56,0	51,7
Tal elevar per årsverk til undervisning - Etne kommune	14,4	14,3	13,4	12,3	13,8
Tal elevar per årsverk til undervisning - Nasjonalt	16,6	16,3	15,8	15,7	15,5
Tal assistentårsverk i undervisninga - Etne kommune	10,0	9,0	9,0	8,0	9,2
Tal elevar per assistentårsverk i undervisninga - Etne kommune	51,1	58,6	58,4	62,9	54,6
Tal elevar per assistentårsverk i undervisninga - Nasjonalt	67,4	64,6	63,5	59,6	57,5
Lærartimar som vert gjeve til undervisning - Etne kommune	35 907	36 235	37 220	39 603	36768
Undervisningstimar totalt per elev - Etne kommune	69	70	74	79	73
Undervisningstimar totalt per elev - Nasjonalt	60	60	62	62	63

Tabellen viser at det har vore ein auke i tal årsverk og tal undervisningstimar skuleåret 2020/2021. Dette er tal som er henta i frå GSI.

Etne kommune har over tid nytta meir assistentressursar enn landssnittet. Perioden viser ein svak nedgang. Skuleåret 2020/2021 hadde Etne fleire elevar pr assistentårsverk enn landssnittet. Dette skuleåret har Etne færre elevar per assistentårsverk enn landssnittet.

Lærarnorm

Begge skulane ligg innanfor lærarnorma. Det har vore brukt mest ressursar på ungdomssteget. Skuleåret 2021/2022 vert det brukt mest ressursar på mellomsteget. Det er flytta ressursar ned til dei yngste, men me ynskjer å nytta mest lærarressursar for dei yngste elevane. Greier me å redusera talet på elevar som får vedtak om spesialundervisning, vil me kunna styrkja alle elevane på ein betre måte.

Elevutvikling skule

Elevtalet i Etne har over tid lege på pluss/minus 500 elevar. Skuleåret 2021/2022 viser at me samla har 512 elevar i skulane. Neste skuleår, skuleåret 2022/2023 vil det bli ei auke opp til 523 elevar. Skuleåret 2022/2023 er det 56 born som startar på skulen i kommunen. Det blir altså ei auke i elevar før det igjen vil gå litt nedover. Som tala viser for barnehage, er det særleg i 2019, 2020 og 2021 at barnekulla er låge. Tabellen under viser at talet på elevar som har SFO har gått nedover kvart år dei siste fire åra. Etne kommune vil arbeida med å utvikla SFO. Det har kome ein nasjonal rettleiar for SFO. Denne vil vera til hjelp for arbeidet med å utvikla SFO. Ved overgang til 5 dagar skuleveke vil det også vera naudsynt å sjå korleis me organiserer og driv SFO.

Komande skuleår vil det starta 49 elevar på 1. trinn på Enge skule. Dette er meir enn eit normalkull ved skulen. Dei komande tre åra deretter vil elevtalet liggja på om lag 40 elevar som er eit normalkull. Dersom det ikkje vert tilflytting, vil 2020-kullet vil vera på 22 elevar. Noko som er om lag halvparten av eit normalkull. Dei to neste åra (2020 og 2021) er kulla på 25 og 28 elevar.

Eit normalkull i Skånevik er på om lag 10 born. Dersom det ikkje vert tilflytting, vil kulla dei neste 6 åra liggja på mellom 5-9 born. Kommande skuleår vil det starta 5 elevar på 1.trinn på Skånevik skule.

Me må sjå utviklinga over fleire år før me kan gjera bastante konklusjonar.

Utvikling elevtal															
Skule	Klassesteg										Sum alle trinn	SFO	Lekse- hjelp		
	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	Sum 1.-7.	8.	9.				10.	Sum 8.-10.
Enge 21/22	43	27	38	48	60	38	42	296	35	29	37	101	397	62	160
Skånevik 21/22	7	15	11	16	14	10	13	86	9	8	8	25	111	18	10
Sum 21/22	50	42	49	64	74	48	55	382	44	37	45	126	508	80	170
Sum 20/21	38	49	59	72	48	53	45	364	36	45	50	131	495	84	0
Sum 19/20	48	58	74	45	53	45	36	359	44	52	51	147	506	96	2
Sum 18/19	61	77	45	53	47	38	44	365	54	51	47	152	517	103	1
Sum 17/18	77	43	54	46	38	41	53	352	51	47	73	171	523	114	3
Sum 16/17	43	56	50	40	42	54	50	335	47	73	49	169	504	103	20
Sum 15/16	56	51	39	42	51	51	46	336	72	47	58	177	513	104	19
Sum 14/15	48	39	43	52	51	47	73	353	47	55	56	158	511	109	16
Sum 13/14	39	40	51	51	45	73	46	345	56	55	61	172	517	107	55
Sum 12/13	39	49	48	44	73	44	56	353	54	62	38	154	507	109	57
Sum 11/12	48	46	44	68	46	56	53	361	61	39	54	154	515	101	68

5.4 Kultur

Hovudmålsetting i kommuneplanen:

Etne kommune skal halda på posisjonen som kulturkommunen i regionen. Kultur-, idretts- og fritidstilbod skal ver breitt og variert med ulike grader av samspel, kreativitet og sjølvdisiplin. Dette skal skje i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Planar

Kultureininga har eit stort etterslep innan planar, og målet i 2021 var å få ferdig planar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og kulturminneplan. I tillegg starta arbeidet med Friluftslivets Ferdsselsårer og bibliotekplan. På grunn av ressursituasjonen deler av 2021, så har arbeidet med dei fleste planane ikkje komme så langt som ynskja. Arbeidet med kulturminneplanen nærmar seg slutføring, men siste del av arbeidet blir ferdig tidleg 2022. For dei andre planane så vil arbeidet fortsetje i 2022.

Kulturskulen

Kulturskulen hadde 75 elevar pr 01.oktober 2021, og det er same tal ved årskiftet. Elevane i Etne skulekorps er ikkje med i dette talet. Det blei gitt undervisning i gitar, piano, fiolin, trommer, band, messingblås, drama og bildande kunst. Etne skulekorps kjøper dirigenttenester av kulturskulen.

Undervisninga i kulturskulen har stort sett gått som normalt i 2021, til tross for koronaen, men drama jobba med film ein periode for å tilpassa seg smitteverntreglane.

Etne skulekorps hadde ein periode på våren individuell undervisning, elles gjekk øvingane som normalt.

Kulturskulen underviser i lokale ved Skånevik skule, Enge skule og i eigne lokale på Skakkesenteret.

Kulturskulen hadde frå hausten 6 lærarar med totalt 1,85 årsverk i undervisning, det er ein reduksjon på 0,33 årsverk frå skuleåret 2021/2022. Kulturskulerektor utgjer 0,5 årsverk, og rektorstillinga er ein del av stillinga som kulturleiar.

Tendensen med fallande elevtal gjeld for heile landet, og sidan 2009 har elevtalet i Etne blitt halvert. Dei tre siste skuleåra har tala flata noko ut, men det er eit mål for kulturskulen å auka rekrutteringa.

Søkjarar	2019/2020	2020/21	2021/2022
Elevar med plass	81	77	75
Elevar på venteliste	1	2	1

Kultureininga gjennomførte fleire mindre konsertar i første halvdel av 2021. Det vart ikkje ein felles avslutning før sommaren på grunn av koronaen.

Biblioteket arrangert familiedag 13. november, og kulturskulen deltok med konsert på arrangementet. Det var planlagt julekonsert/juleførestilling på biblioteket onsdag 8. desember, men denne vart dessverre avlyst på grunn av nye nasjonale korona tiltak. Juleførestilling til drama vart det laga film av, og filmen vart gjort tilgjengeleg for elevane i drama gruppa og deira foreldre.

Biblioteket

Besøktala for biblioteket har tatt seg litt opp igjen i år, samanlikna med i fjor. I 2021 har ikkje biblioteket vore heilt stengt, slik det var nokre månadar i 2020, men det har framleis vore restriksjonar for klassebesøk og jamleg oppfordring om å unngå unødig opphald på biblioteket, som har ført til at talet ikkje er heilt tilbake til det normale. Utlånet har halde seg stabilt, og lånet for barn har gått litt opp, truleg grunna ein kombinasjon av litt klassebesøk, men framleis utlån av bokkassar til klassane. Utlån for vaksne har vore litt lågare enn tidlegare dei siste to åra, og dette kan, i tillegg til korona, skuldast kutt i mediebudsjett og auka bruk av e-lån. E-lån er i år skilt ut frå dei andre låna. Dette skuldast ny utrekningsmetode for 2021. E-lån har blitt rekna ut annleis i 2021 enn tidlegare og det reelle utlånet ligg ein stad mellom 1 738 og 4 020 .

Det blei gjennomført 75 arrangement for born og vaksne, inkludert 25 arrangement for skule. Altså 50 arrangement som var opne for alle. I fjor var det 36 opne arrangement, og mykje av auken skuldast prosjektet Open fritid som er blitt starta som er eit lågterskeltilbod for barn. For vaksne er det starta opp eit hjelpetilbod kalla Digitalhjelpa. Begge tilboda er eit samarbeid med Etne Frivilligsentral. Biblioteket har i fleire år vore med i Sommarles, ein populær, nasjonal lesekonkurranse gjennom sommaren for 1.-7. klasse, der Etne framleis ligg på topp ti-lista i oppslutnad. Kvart år avsluttast konkurransen med ein Sommarles-avslutning. I år var denne avslutninga opninga av boksamlinga på den nye dagsturhytta. Deltakarane var sjølv med og bar opp dei 16 bøkene, i tillegg til symbolske lappar som førte til 9 ekstra bøker på hytta.

Hovudbiblioteket held til i godt eigna lokale på Skakkesenteret og avdelingsbiblioteket i Skånevik er lokalisert på Skånevik skule. I starten av 2021 blei hovudbiblioteket gjort klar for bibliotekbruk utanom ordinær opningstid, såkalla meirope bibliotek. Grunna tekniske utfordringar tok det lenger tid enn tenkt før det var klart, men 1. desember var det felles oppstart av meirope for hovudbiblioteka i Etne og Vindafjord. Biblioteket i Skånevik er så smått ominnreia og målet er å få til ein spelekrok for unge i løpet av 2022. I 2020 fall skulebibliotekarstillinga i Skånevik bort i samband med at avdelingsleiar pensjonerte seg. Det er prøvd ut fleire alternativ i løpet av 2021, utan at det er kome på plass ei permanent løysing.

Utlån	2019	2020	2021
Utlån barn	14 318	15 476	13 715
Utlån vaksne	10 314	9 909	8 270
E-lån	1 022	5 286	1 738 / 4 020 Feil!

			Bokmerke er ikkje definert.
Aktive lånarar	1 359	1 434	1 528
Besøk totalt	20 017	11 920	14 187

Arrangement	2019	2020	2021
For barn	84	79	75
Besøkjande	1 931	1 561	1 881
For vaksne	21	9	24
Besøkjande	483	191	288

¹ Ifølge den nye utrekningsmodellen som i stor grad er basert på folketal, er e-lånet i Etne 1 738. Sidan Etne har hatt eit høgare e-lån enn folketalet tilseier (1. plass nasjonalt i 2020 når ein sorterer på e-lån per innbyggjar) gir det ein kraftig nedgang frå 2020. Ein e-lånar kan vera lånar fleire stader og det er vanskeleg å seia kor lånaren høyrer til. Reknar ein alle e-lån utført av personar knytt til Etne (som kan føra til at lån på lånarar som har lånekort fleire stader tel med i fleire kommunar) blir talet 4 020. Det reelle talet på e-lån i Etne ligg derfor ein stad mellom desse tala. Sannsynlegvis er det faktiske utlånstalet nærare 4 020 enn 1 738 fordi det er få lånarar i Etne som har lånekort i andre kommunar utanom Rogaland, og Rogaland har ei anna utlånsløysing som gjer at desse låna ikkje blir blanda.

Kyrkja

Dette året har også vore spesielt for kyrkja, med framleis pågåande pandemi. Det er mange arrangement ein brukar å ha som ein ikkje har kunne gjennomføra. Samstundes har ein hatt mange gode møtepunkt både digitalt og fysisk gjennom året.

Det vert gitt årsmelding for Etne og Skånøvik sokneråd til Etne kommune. Vidare har me kyrkjeleg årsstatistikk. Desse gjer uttrykk for aktiviteten til kyrkja.

Fellesrådet har hatt 7 møte, eit av dei via mail, og handsama 57 saker.

Dette året har det blitt installert brannsikring i Stødle kyrkje, med automatisk sløkkjeanlegg og branddeteksjon. Det har vore forprosjekt på utskifting av elektrisk anlegg og oppvarming i Gjerde, Stødle og Grindheim kyrkjer. Arbeidet skal gjennomførast i 2022.

Det er framleis eit stort behov for utviding av gravplassane i kommunen.

I Skånøvik har utviding av kyrkjegarden ikkje kome i gong ennå, men ein håpar det snart vert sett i gong. Planar for Grindheim kyrkjegard er også i gong.

Vedlikehaldet av kyrkjegardane var så bra som det var mogeleg å få til med dei ressursane kyrkja hadde til dette føremålet i 2021.

Utfordringane vert langt på veg dei same som dei har vore dei seinare år, men det er og kome nye til som ein vil arbeida vidare med framover:

- Utbetra det elektriske anlegget, medrekna oppvarming i dei gamle kyrkjene.
- Utbetring av takrenner på Skånøvik kyrkje
- Halda fram med vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar.
- Halda kyrkjegardane fine til glede for besøkjande og sørgjande.
- Kontinuerleg arbeid me Helse, Miljø og Tryggleik.

DKS - Den kulturelle skulesekken

Tilskotsordninga skal gi elevar møte elevane møta profesjonell kunst og kultur. Etne ligg geografisk langt frå dei store scenene, galleria og musea, og me har difor delvis valt å satsa på lokale produksjonar. Det har vore gjennomført 6 arrangement, og desse kultur møta har involvert totalt 357 elevar. Det har vore uvanleg få arrangement både grunna pandemien, og fordi tilskotsramma er sterkt redusert i høve til tidlegare.

Tilskotet frå fylkeskommunen var på kr 54.000. Kommunen har ikkje lenger eigne midlar til tiltaket. Ubrukte midlar blir overførte til DKS-fondet.

DKSS - Den kulturelle spaserstokken

Tilskotsmidlane skal gi eldre kunst- og kulturformidling av høg kvalitet gjennom møte med profesjonelle innan området. Kultureininga gjennomfører ikkje eigne arrangement, men gir tilskot etter søknad til tiltak for eldre som treffer innafør retningslinene. Frivilligsentralen er ein aktiv og viktig samarbeidspart, og får ein fast del av tilskotsramma til arrangement åleine og i samarbeid med Pleie- og omsorgseininga. Det har vore uvanleg få arrangement også dette året grunna pandemien, men det er sendt ut tilbod om digitale kulturopplevingar til institusjonane våre.

Tilskotet frå fylkeskommunen var på kr 45.583. Kommunen har ikkje lenger eigne midlar til tiltaket. Kultureininga ytte tilskot på kr 27.000 til seks ulike tiltak for eldre. Ubrukte midlar blir overførte til DKSS-fondet.

Andre kulturføremål

I 2021 gjekk kulturleiar over i anna stilling i april 2021, og ny kulturleiar var på plass 1. oktober 2021.

Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

Idretten har relativt gode anlegg for både innandørs og utandørs idrett i kommunen. Unntaket er friidretten i Etne. Eit samarbeidsprosjekt mellom idrettslaga i kommunen er starta opp for å få til fast dekke og oppgradering av Etne Stadion.

Dagsturhytta på Leiteshaug var oppført etter planen i 2021, og i oktober var det offisiell opning av hytta. Det er inngått avtale med Frivilligsentralen om tilsyn med dagsturhytta.

Det blei sendt inn 6 spelemiddelsøknader, 2 nye og 4 fornya med søknad om totalt 5,88 millionar til ordinære idrettsanlegg. Ingen søknaden til nærmiljøanlegg.

Nyskapande aktivitetsanlegg

I samarbeid med Utviklingseininga blei det sendt søknader til fylkeskommunen om å vera med i prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg. Uteområdet for ungdomsskuleelvane på Skakke er eitt av fire prosjekt i Vestland som blei plukka ut. Kommunen får nå gratis fagleg kompetanse og arkitekt hjelp for å utvikla ein møteplass med varierte og attraktive lågterskeltilbod for fysisk aktivitet. Friluftsrådet Vest forvaltar åtte område i Etne kommune. Eit av område dei forvaltar er Sandvik friluftsområde. I 2021 er det inngått avtale mellom Etne kommune og grunneigar, om vegrett/vedlikehald av den private tilkomstvegen til Sandvik friluftsområde. Det er også utført arbeid med å oppgradering av vegen.

Idrettsrådet fordelte kommunalt driftstilskot på kr 130.000 til ni idrettsorganisasjonar og til drift av Idrettsrådet.

Musikk, kunst og kunstformidling

Musikkrådet fordelte kommunalt driftstilskot på kr 85.000 til sju musikkorganisasjonar og til drift og prosjektfond i Musikkrådet.

Barne- og ungdomsarbeid

Koronaen har gjort at ungdomsklubbane i Skånevik og Etne (ikkje kommunale) har måtta halda stengt første halvdel av 2021, men det har vore noko aktivitet andre halvdel av året. Kultureininga fordelte kommunalt driftstilskot på kr 30.000 til ungdomsklubbane. Det var berre to søknader frå barne- og ungdomsorganisasjonar, og dei vart gitt tilskot på kr. 39.000.

Historie

Arbeidet med kulturminneplanen har tatt lenger tid enn planlagt, men er no i sluttfasen. Planen skal vere klar til å sendast på høyring tidleg på ny året. Prosjektstilling til Ellen Tveit er forlenga ut januar 2022 for å fullføra arbeidet med planen.

Bygdeboknemnda og kultureininga har hatt fleire møter får å sjå på korleis ein skal sikra fullføring av Etnebygda si historie i bokform, og skal jobba vidare med dette i 2022. I budsjettvedtaket før jul har K-styret bedt om at det blir laga ei sak, dersom ein ser at det blir mogleg å setja i gang arbeidet med dei siste banda av Etnesoga hausten 2022.

I november var det oppstart av prosjektet “Digitalisering og formidling av negativarkivet etter Willum Ekrheim”, som er eit samarbeid mellom fylkesarkivet i Vestland og Etne kommune. Deler av negativarkivet er flytta til fylkesarkivet i Leikanger, og arbeidet med digitalisering starta i 2021.

Sunnhordland Museum, som har ansvar for Sæbøtunet, og privatdrivne Norsk Motormuseum i Skånevik fekk driftstilskot, men summene er vesentleg mindre enn for nokre år tilbake.

Arrangement og kulturinstitusjonar

UKM vart gjennomført i mars 2021, og vart arrangert i samarbeid med Vindafjord kommune. Det er få barn/unge i Etne som tek del i det kostnadskrevjande arrangementet, som var bakgrunn for å arrangere dette i samarbeid med Vindafjord kommune, eit samarbeid som fungerte godt. Koronasituasjon gjorde at arrangement vart digitalt, og det same gjaldt for fylkes- og landsmønstringane.

Kulturnatt vart avlyst i 2021, men eininga har i 2021 medverka til planlegging av Kulturnatt 2022.

Kultureininga fekk kr. 100.000 i støtte frå BUFdir for å arrangere kulturelt ferietilbod for barn og unge i grunnskulealder, og planen var at dette skulle arrangerast i haustferien 2021. På grunn av ressursituasjon var det ikkje mogleg å få dette til, og arrangementet vil bli gjennomført i vinterferien 2022. Dei tildelte midlane kan nyttast til arrangementet i 2022.

Kultureininga yter tilskot til drift av kulturinstitusjonar i kommunen, og gav tilskot til Etne kino, kulturhusdelen på Skakke, Skånevik kultur- og idrettshall og Gjestgjevargarden.

Kultur er sakshandsamar for tildeling av midlar frå Fond Kraftkontrakten, og for 2021 er det tildelt total kr. 280.000,- fordelt på ni organisasjonar.

Kultur- og frivilligprisen 2020

Prisen gjekk til Solveig Sørheim, for arbeidet hennar med å samla gamle songar og musikktradisjonar ifrå Etne og Skånevik i boka “DI GAMLE SONGADNE, folk og musikktradisjonar i Etne”. Det er eit viktig arbeid ho har gjort, for å ivareta og vidareformidla lokalhistoria til Etne.

5.5 PPT

Hovudtrekk oppgåver og drift:

PP-tenesta for Etne og Vindafjord er sakkunnig organ knytt til opplæring heimla i barnehagelova kap VII §33 «Spesialpedagogisk hjelp» og opplæringslova kap 5 §5-6 «Spesialundervisning». PP-tenesta har oppgåvene knytt til 13 barnehagar, 11 skular og vaksenopplæring på grunnskuleområdet for elevar med spesialpedagogiske behov. Tenesta skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggja opplæringa betre til rette for barn/elevar med særlege behov. Som førsteprioritet skal tenesta syta for at det vert utarbeidd sakkunnige vurdering der lova krev det. Det er 6,5 årsverk knytt til tenesta. 0,8 årsverk merkantil funksjon er knytt til Service- og fellestenesta. Dei tilsette har kontorstad på rådhuset i Vindafjord.

Økonomi:

Tenesta har eit førebels resultat omlag i balanse, med avrekning til Etne kommune innan 31.01.22.

Utvikling:

Nøkkeltal nasjonalt	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Sakkunnig vurderingar barnehage*	2,9%	3,1%	3,2%	3,3%	3,4%	
Sakkunnige vurderingar skule	7,9%	7,85%	7,81%	7,7%	8,0%	7,70%

Nøkkeltal Etne	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Antal personsaker Etne	109	101	107	92	83	94
Sakkunnige vurderingar barnehage	3,38%	2,36%	4,05%	4,11%	3,94%	3,80%
Sakkunnige vurderingar skule	9,9%	9,6%	8,9%	10,28%	10,91%	9,18%

For åra 2016-2019 var det tal i høve til barnetal i bhg. Dette er justert i høve barnetal i kommunen. Skule pr. 01.10.2020 og barnehage pr 15.12.2020.

Oppsummering og vurdering

PPT har levert 166 sakkunnige vurderingar i 2021 til Etne og Vindafjord. Barnehage sine tal er berekna etter antal barn i barnehage, slik Udir sitt statistiske talmateriale gjer. PP-tenesta nyttar i større grad tid til utgreiing av behov og rettleiing til barnehagar og skular, både i individ og systemsaker. Målet for både Etne og Vindafjord kommune er at utviklinga av tal sakkunnig vurdering skal fylgja nasjonalt nivå.

Målet er å auka innsatsen med tidleg innsats og vera del av det førebyggjande arbeidet. Kvar barnehage og skule har ein PP-rådgjevar som fast kontaktperson og samarbeidspart. Det vert sett opp samarbeidsplan for samarbeidet. Tenesta har delteke i «Læringsmiljøprosjektet» pulje 5 i Vindafjord kommune og i implementering av IBS, «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», i Etne kommune. Det er sett i gang ASK-nettverk (alternativ og supplerande kommunikasjon) på tvers av dei to kommunane. Fem rådgjevarar har teke etterutdanning i analyseverktøyet CLASS. PP-tenesta har dette året hatt auka etterspurnad for individbaserte tenester gjennom bestilling av utgreiinga og sakkunnige vurderingar. Sakkunnige vurderingar har etter lova første prioritet. Det ei utfordring å auka innsats for fleire barn/elevlar med vekt på inkludering, likeverd og tilpassa opplæring gjennom intensive og systematiske tiltak i det ordinære, på same tid som det er auke i tilvisingar av individsaker.

Som del av arbeid med Mld.St. 6 (2019-20) er det utarbeida rettleiar og rutine «Helse og PPT er eit felles lag rundt barn og unge». Dette vart teken inn i drift frå 01.08.21.

Både Etne og Vindafjord er BTI-kommunar; "Stafettloggen» vert nytta i samhandling og fylgjer tilvisingar til PP-tenesta.

Mandatet for PP-tenesta vert frå 01.08.24 utvida og vil omfatta alle barn og unge. Statped skal også overføre fleire av oppgåvene sine til kommune og PPT. Dette vil utfordra tenesta dersom stillingsvolumet og behov for tenester er på nivå som i dag.

Det er starta førebuande kommunal prosess for å førebu søknad til "Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis".

Det er behov for auka stillingsvolum for logoped. Det er ei utfordring at kommunen ikkje har stillingsheimel eller avtale for synspedagog og psykolog.

5.5 Barnevern

Hovudtrekk oppgåver og drift 2021

Etne Vindafjord barnevernsteneste har opplevd stor grad av stabilitet i personal og drift gjennom 2021. Det har gjort at tenesta møtt det krevjande koronaåret på ein forsvarleg måte.

Tenesta driv innfor lovkrava.

Barnevernsfeltet er i stor endring og utvikling nasjonalt og lokalt. Viser her til barnevern- og ansvarsreform som trer i kraft frå 2022. Det ble lagt fram ein tenesterapport for kommunestyre våren 2021

Barneverntenesta har starta samarbeid med omkringliggende kommunar på område som fosterheimsoppfølging og kompetanseprogram for nyttilsette.

Økonomi

Tenesta har kontroll på driftsutgiftene på dei mest sentrale områda.

Utfordringar

Nokre få ressurskrevjande saker kan utfordra budsjettbalanse.

Ny barnevernlov og ansvarsfordeling mellom stat og kommune gjeldande frå 2022. Tenesta må fortsette endringsarbeidet. Det vil fortsett vera naudsynt å tilpassa drifta til endra rammevilkår, spesielt med tanke på det nye inntektssystemet.

Kvalitet og produksjon

Kommunemonitor samanliknar Etne med andre kommunar og barneverntenester. Den vert oppdatert jamnleg og det er mogleg å følge utviklinga over tid.

https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern_kommunemonitor/#/4611

5.5 Budsjett aksjonar

MÅL	Måltall	K.Plan	Startdato	Sluttdato	Status	Kommentar
OPPVEKST OG KULTUR						
Felles for oppvekst						
Me skal arbeida for at barn og unge utviklar ei god fysisk, psykisk og sosial helse.		2.1				
Me skal arbeida for at alle barn og unge får utnytta ressursane sine og verta godt inkluderte i det ordinære opplegget i barnehage, skule og SFO.		2.2				
Me skal arbeida førebyggjande mot mobbing, overgrep, rusmisbruk, vald og kriminalitet. Det skal vera null-toleranse for mobbing. Me skal oppretthalda politiråd, SLT og vidareføra samhandlingsplan med politi.		2.3				Bliz og Stafettlogg, SLT, ambisjon for oppvekst
Me skal arbeida tverrfagleg og i samarbeid med heimane for å hjelpa familiar, barn og unge som treng ekstra oppfølging.		2.4				Bliz, SLT, ambisjon for oppvekst
Det generelle fråværet knytt til sjukdom i personalet i sektoren går ned med 1 prosentpoeng for året 2021.	Måling kvartal	8.6				Fokus kvar mnd. med prosessar gåande gjennom heile året.
Måling indikator						
Auka tal Stafettloggar som er aktive. Alle barnehagar og skular skal bruka dette verktøyet i samarbeid med heimane og i det tverrfaglege samarbeidet.	Alle barn og unge med vedtak knytt til Barnehagelova §19a og 19g, og Opplæringslova § 5.1 og 9a.		09.06.2021	10.06.2021		Det har vore ei auke i bruk av stafettloggar.
Auka tal aktivitetsplanar knytt til mobbing i barnehage og skule	Frå 0 våren 2020 til 15 våren 2021		09.06.2021	10.06.2021		Me hadde fleire for skuleåret 2020/2021, men det er framleis alt for lågt.
Halda gjeldande norm for pedagogtettleik i barnehage.	Måling juni		20.06.2021	25.06.2021	100 %	Måling juni.
Pedagogtettleiken er på norma i barnehagen.	På norma i bhg		20.06.2021	25.06.2021	100 %	Måling juni.
Redusera lærartettleiken i skulen. Lærartettleiken var for skuleåret 19/20 11,0 for 1. – 7. kl og 9,8 for 8.-10.kl mot det nasjonale som var på 12,5 for 1. – 7. kl og 14,1 for 8.-10.klasse.	Reduksjon i skule.		20.06.2021	25.06.2021		Måling når GSI-tala er ute, oktober.
Auka delen av lærartimar til ordinær opplæring i skulen. Utrekna her er forholdet mellom sum årstimar og timar til ordinær undervisning.	Forholdet Frå 0,78 til 0,80 august 2021.		16.08.2021	30.10.2021		Ny sjekk når GSI-tala er gitt, oktober.
Vurdera profesjonsutvikling, praksis og kvalitet i einingane.	Evaluering i barnehage og skule		27.10.2021	30.10.2021		Tal pedagogar med godkjent utdanning. Ståstadsanalyse kvart 3. år.
Gjennomføra UngData i kommunen kvart 3.år.	Våren 2021					SLT
Gjennomføra «Ung i Etne» for elevane i 7. trinn	Våren 2021					SLT

Mål for Skule						
Skulen skal ha høge ambisjonar og eit godt læringsmiljø som sikrar at alle elevane får utnytta sine moglegheiter		2.7				
Karaktersnittet skal liggja på eller over nasjonalt snitt. Dette gjeld både standpunkt- og eksamenskarakterar. Det er eit mål å auka talet på elevar som får minst 30 grunnskulepoeng		2.8				
Skulane skal arbeida systematisk med å skapa trygge elevmiljø gjennom mobbeførebyggjande tiltak og arbeid med MOT		2.9				
Målindikator						
Del elevar som trivs, kjenner støtte frå lærar, meistring, arbeidsro, motivasjon og medverknad (Elevundersøkinga) skal aukast over tid.	Måling januar. Grønt nivå (4,1)		26.01.2021	29.01.2021		Trivsel: 4,24 (grønt). Trygt miljø: 4,35 (grønt). Meistring: 3,89 (gult). Mobbing: 4,77 (gult). Motivasjon: 3,71 (oransje). Innsats: 4,15 (grønt). Fagleg utfordring: 4,12 (gult). Arbeidsro: 3,8 (?). Medverknad: ??.
Ingen elevar skal oppleve mobbing (målt i Elevundersøkinga).	Måling januar. Grønt nivå (4,1)		26.01.2021	29.01.2021		Trygt miljø: 4,35 (grønt). Mobbing: 4,77 (gult). Venner i friminutt: alle.
Karaktersnittet skal liggja på eller over nasjonalt snitt. Dette gjeld både standpunkt- og eksamenskarakterar.	Måling juni. På eller over nasjonalt snitt		20.06.2021	25.06.2021		Snittet våren 2021 var på 42,54 mot året før på 42,21.
Del elevar som presterer på dei høgaste nivåa ved dei nasjonale prøvane skal aukast over tid.	Måling oktober		27.10.2021	30.10.2021		Negativ utvikling for dei på høgste nivå 5.trinn, positiv utvikling 8.trinn, stabilt for 9.trinn i lesing, positiv utvikling for 9.trinn i rekning.
Del elevar som presterer på lågaste nivå ved dei nasjonale prøvane skal reduserast over tid.	Måling oktober		27.10.2021	30.10.2021		Resultata viser at 9.trinn har redusert elevar som presterer på lågast nivå. Her er det 0 i lesing og 4,8% i rekning. 5.trinn har hatt ei negativ utvikling, 8.trinn har eit betre resultat, men har ikkje eit positivt resultat over tid.
Grunnskulepoenga for elevane (karaktersummen ved avslutning for 10.klasse) viser ei positiv utvikling over tid.	Måling juni.		20.06.2021	25.06.2021		39,76 i 2017 til i dag på 42,54. Opp 0,33 poeng sidan i fjor.
Det er eit mål å auka talet på elevar som får minst 30 grunnskulepoeng.	Måling juni.		20.06.2021	25.06.2021		Burde hatt noko som er lettare å måla.
Tal vedtak knytt til spesialpedagogiske tiltak skal reduserast over tid.	Måling juni. 8 % våren 2022.		20.06.2021	25.10.2021		Sjekk ut tal i GSI, oktober
Del nøgde brukarar skal aukast over tid (Foreldreundersøkinga til Udir) knytt til samarbeid om læring og utvikling, trivsel, motivasjon. Foreldreundersøking anna kvart år.	Måling januar. Grønt nivå (4,1)		26.01.2021	29.01.2021		Mål om grønt nivå på alle område. Sjå linje 72 og 73 for fleire detaljar.
Sikra ein god overgang mellom barnehage og skule.	Måling september. Evaluering i barnehage og skule		20.09.2021	25.09.2021		Lærar for neste år er på plass i Skånevik - skal følgja opplegg for overgang bhg/skule. Enge.



Mål for Barnehage						
Barnehagane skal ha eit godt læringsmiljø, tilsette med god fagleg kompetanse og høge ambisjonar. Etne kommune skal ha ein felles standard for tenester i dei kommunale barnehagane. Standarden skal sikra eit godt pedagogisk tilbod.		2.5				
Full barnehagedekning for alle barn 0-6 år, med minimum 2 opptak i året.		2.6				
Målingindikator						
Del nøgde brukarar skal aukast over tid (Foreldreundersøkinga til Udir) knytt til samarbeid om læring og utvikling, trivsel, relasjon barn og vaksne og deling av informasjon. Foreldreundersøking anna kvart år.	Måling i januar. Grønt nivå.		26.01.2021	29.01.2021		Deltaking på 71%. Høgast deltaking av føresette i Småfolk. Dei har hatt denne undersøkinga i fleire år. Kommunen har hatt undersøkinga for fyrste gong på lenge nå i år. Føresette er nøgde med barnehagane.
Ingen barn skal oppleve krenking eller mobbing i barnehagane.	Måling januar. Grønt nivå.		26.01.2021	29.01.2021		Føresette melder om høg trivsel og leikevenner i bhg.
Deltakinga i barnehagene skal over tid være stabilt over 85%.	Måling juni.		20.06.2021	25.06.2021		22 barn ynskjer ikkje barnehageplass. Ing
Del barn på venteliste.	Måling juni. Tilbod til alle.		20.06.2021	25.06.2021		Me har ingen på venteliste.
Sikra ein god overgang mellom barnehage og skule.	Måling september Evaluering i barnehage og skule		20.09.2021	25.09.2021		Sjå linje 21



Mål for Kultur						
Kulturskolen skal ha eit variert og godt kjent tilbod.		3.1				
Turstiar skal registrerast i kart som vil vera tilgjengelege via kommunen sine nettsider. Arbeidet skjer i samråd med grunneigarar.		3.2				
Me skal i saman med andre aktørar ta vare på og utvikla eksisterande og nye friluft- og friområde.		3.3				
Kommunen skal vera aktiv med å leggja til rette for, og støtta opp om, kultur- og idrettsarrangement.		3.4				
Biblioteket vert nytta som ein arena for samfunnsinformasjon og debatt.		3.5				
Kommunen byggjer opp om frivillig arbeid kring kulturen og er positiv til private initiativ. Initiativ til å ta vare på, og formidla, kulturhistoria og frivillig arbeid for uorganisert ungdom er særleg ynskete tiltak.		3.6				
Me arbeider for vidareformidling og opplysningsarbeid for den kulturelle arva. Barn og unge er særleg målgrupper for formidlingsarbeidet.		3.7				
Målindikator						
Del nøgde brukarar i kulturskolen skal aukast over tid (Brukarundersøking) knytt til samarbeid om læring og trivsel, relasjon barn og vaksne og dialog og deling av informasjon. Brukarundersøking anna kvart år.	Måling mai				Utset	Utset denne til ny leiar er på plass, og set som mål å få det gjort våren 2022. Må laga undersøking - er ikkje noko frå sentralt hald (udir)

6. Helse og Omsorg

6.1 Innleiing

Overordna mål frå kommuneplanen: «Me skal vektleggja førebygging og folkehelse, det er eit mål at den einskilde skal ta vare på eiga helse. Det offentlege tenestetilbodet skal sikra eit likeverdige tilbod i alle livsfasar.»

Pandemien har prega helse og omsorgstenestene i 2021. Det har vore gjort prioriteringar av oppgåver i tenestene for å kunne ivareta oppgåver knytt til korona. Det har vore eit mål å følgja nasjonalfaglege retningslinjer. Punkter viser oppgåver/endingar som har vore ekstra knytt til pandemi:

- Stillinga som kommuneoverlege/smittevernlege har vore styrka frå 50% til 100% i periodar av året for å ivareta oppgåver knytt til pandemi.
- Det har vore utført TISK-arbeid der tilsette fra legetenesta, helsestasjon og ergo- og fysioterapitenesta har delteke . Det har vore 81 smitta som har vore handtert.
- Kohort-avdelinga som vart oppretta i samarbeid med Vindafjord vart avslutta i 2021 då det ikkje var behov for eigen kohort for å handtere korona-smitta som hadde behov for institusjonsplass.
- Den interkommunale luftvegsklinikken vart avvikla.
- Vindafjord kommune var vertskommune for “teststasjon” i 2021.
- Alle innbyggjarar over 12 år har fått tilbod om koronavaksine. 1. og 2.dose var gjennomført dette året. Vaksinasjon har vore gjennomført i lokala til helsestasjon. Røde kors har delteke med vakter.

I tillegg til pandemi har det vore gjennomført utvikling- og endringsarbeid i sektoren. Kommunen har mellom anna fått på plass ein plan for «Leve heile livet», pleie- og omsorg har gjennomført ny organisasjonsending, det er auka tal fastlegeheimlar i kommunen, helse- og omsorg har fått formalisert samarbeidet med frivilligsentralen på leiarnivå og det er rulla ut «tryggleikspakkar» til dei som har behov for det i kommunen.

Leiarane i helse- og omsorg er fortsatt nokså nye i rollene sine, og me har i tillegg hatt permisjonar i leiargruppa til eining helse der både einingsleiar og avdelingsleiar har vore nye. Det har likevel vore gjennomført mange tiltak for å utvikle og forbetre organisasjonen.

Økonomi:

Sektoren har hatt eit meirforbruk som i stor grad er knytt til pensjon og arbeidsgjevaravgift, korona, sjukefråver, ekstraarbeid grunna høg pleietyngde, vikarbyrå og NAV(sosialstønad) . Dei største avvika mot budsjett er hos PLO og miljøarbeidstenesta. Ytterlegare forklaringar i tekst under kvar eining.

6.2 Helse

Eining helse har hatt fokus på å levera fagleg forsvarlege tenester i pandemi gjennom å følgja nasjonalfaglege retningslinjer for drift av helse- og omsorgstenester i pandemi.

Det har vore vikar for einingsleiar helse og avdelingsleiar i miljøarbeidstenesta fra februar og ut året.

Økonomi

Totalt så kom eining helse ut med eit meirforbruk som i stor grad skuldast pensjon og korona.

6.2.1 Helsestasjon, skulehelseteneste og jordmorteneste

Helsestasjon har hatt ansvar for koronavaksinasjon og ca 50% stilling har vore nytta til arbeidet store deler av året. Dette har utfordra tenesta, men helsestasjon og skulehelseteneste har hatt normalt tilbod til innbyggjarar mesteparten av året. Utviklingsarbeidet er det som har vore mest redusert.

Ein av dei tilsette har avtale om vidareutdanning i psykisk helse, og ferdig våren 2022.

Fødselstal: 32 barn (Etne 27 og Skånevik 5)

Tal konsultasjonar 0-5 år: minimum 14 konsultasjonar per barn

Skulebarn 1.-10.kl: minimum 8 konsultasjonar per barn

I tillegg kjem undervisning, klassebesøk, gruppesamtalar og enkeltsamtalar.

Tenesta har gitt tilbod til alle som har meldt behov.

Tenesta har hatt tilskotsmidlar frå ordninga styrking av helsestasjon og skulehelsetenesta dette året. 20% stilling som helsesjukepleiar som har fast stilling i tenesta har vore finansiert gjennom tilskotsmidlar dette året. Det er 5.året kommunen mottok tilskot frå helsedirektoratet for å styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta. I tillegg har helsestasjon hatt tilskotsmidlar frå Bufdir om foreldrestøttande tiltak.

Fokusområde gjennom året:

Psykisk helseteam for ungdom. Tilbodet er organisert gjennom helsestasjon. Tilsett frå psykisk helse og rustenesta avslutta sitt arbeidsforhald med Etne kommune sommaren -21 og arbeidet blir vidareført i helsestasjon med kompetanse som helsesjukepleiar med vidareutdanning i psykisk helse. Det er samarbeid med psykisk helse- og rustenesta for vaksne og innbyggjarar som har behov for annan kompetanse/tenester som ein kan få tilbod om gjennom psykisk helse- og rustenesta.

Fokus på verktøy for samarbeid i kommunen som BliZ, barn og unges helsetenester og det siste nye laget rundt barnet som PPT, helse og oppvekst har samarbeida om.

Grunna korona har det vore få barselgrupper, men har prioritert dei minste og saman med fysioterapeut. Det har ikkje vore gjennomført søvngrupper som var planlagt med Vindafjord pga korona og få påmeldte. Det har ikkje blitt gjennomført PIS grupper (skilsmissegrupper) som me vanlegvis tilbyr annankvart år.

Jordmortenesta:

Stillinga som jordmor er 20% fast, men me har dei siste åra styrka tenesta til totalt 40% stillingsressurs finansiert gjennom tilskotsordning frå helsedirektoratet.

Me ser at fleire gravide tek kontakt tidleg i svangerskapet og ca 90% har hatt oppfølging frå jordmor.

Alle gravide har fått tilbod om tidleg heimebesøk etter fødsel/heimkomst, og dei aller fleste takkar ja til dette. Jordmor sa opp sin stilling og hadde sin siste dag i desember. Det har ikkje lukkast å rekruttere ny ved utgangen av året.

6.2.3 Psykisk helse og rustenesta

Tenesta har hatt «normal» drift dette året og har ikkje hatt ekstra oppgåver knytt til korona. Det er ein nokså stabil mengde henvendingar til tenesta samanlikna med tidlegare år. Etter etableringa av psykisk helseteam for ungdom, har tenesta færre unge som tar kontakt.

	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021
--	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------

Aktive brukarar	91	104	109	131	104
Avslutta brukarar		108	97	112	97
Henvendingar frå innbyggjarar		124	129	131	134

Det har vore noko redusert kapasitet i tenesta i periodar dette året grunna sjukefråver og oppseiing. Oppgåvene har likevel vore handtert, og drifta har vore fagleg forsvarleg.

Det vart rekruttert inn ny spesialsjukepleiar i september.

Rusarbeid – Det har vore langtidsjukemeldingar i tenesta og det har derfor vore liten kapasitet til førebyggjande aktivitet, men kjente brukarar er fulgt opp.

Arbeid og - og aktivitetstilbodet innan psykisk helse- og rustenesta er eit lågterskeltilbud for innbyggjarar som har behov for ein møtestad for fellesskap og meningsfull aktivitet/arbeidsoppgåver. Det er ope 3 dagar per veke og er eit lågterskeltilbud som alle kan møte på 2 av 3 dagar. Lågterskeltilbodet har fortsatt utviklinga fra å vera ein møtestad til å bli meir arbeid- og aktivitetsretta. Ein driv mellom anna med snekring av grønssakskassar, blomsterkassar, fuglebur mm, ulike vedlikehaldsoppgåver som vask av bilar, hagearbeid og malearbeid. I tillegg har me aktivitetar som maling, teikning, garn-aktivitetar, smykkelaging, matlaging og turar. Det er nå fleire ungdommar som nyttar seg av tilbodet, og ein dag i veka har me tilbod til innbyggjarar i aldersgruppa 18 til 40 år.

Spesialsjukepleiar fra psykisk helse har delteke i «Psykisk helseteam for ungdom» i samarbeid med helsestasjon fram til juli då ho avslutta sitt arbeidsforhald med kommunen.

Tenesta har hatt fokus på mål og tiltak i Plan for psykisk helse- og rus i Etne kommune og føl tidsplan for gjennomføring.

6.2.4 Psykososialt kriseteam

Teamet består av 3 spesialsjukepleiarar frå psykisk helse- og rustenesta og 2 helsesjukepleiarar frå helsestasjon. 2 i teamet er nye og har ikkje gjennomført kriseteamskule. Dei skal fullføre opplæring i 2022. Teamet har hatt 4 saker dette året.

6.2.5 Ergo- og fysioterapitenesta

Kommunen har 2 årsverk kommunal fysioterapeut, i tillegg til 2 driftstilskot til private. Det er gjennomført fast samarbeidsutvalmøte mellom kommunal fysioterapiteneste og fysioterapeutar med driftstilskot. Det har og vore fleire samarbeidsmøte mellom kommunal og fysioterapiteneste med driftstilskot.

Det er samarbeid om «venteliste» mellom kommunal fysioterapi og private fysioterapeutar med driftstilskot, slik at innbyggjarar skal få hjelp uavhengig av om det er kommunal eller privat fysioterapeut.

Grunna oppseiing frå kommunal fysioterapeut og manglande rekruttering, og i tillegg sjukefråver, så har ventelista vore større enn normalt i periodar av året.

Det har vore oppstart av førebyggjande heimebesøk denne hausten og dei fleste innbyggjarar som har fått tilbod har takka ja.

Dei kommunale ergo- og fysioterapitenestene har vore lokalisert både i Etne og Skånøvik omsorgssenter, i tillegg til mellombels kontorløyning saman med helsestasjon og psykisk helse og rustenesta. Ergoterapeut og fysioterapeut er sentrale i habilitering- og rehabiliteringsarbeid i kommunen.

1 Ergoterapeut og 2 fysioterapeutar har delteke i smittesporingsgruppa til kommunen.

6.2.5 Frisklivstilbod

Etne kommune har i dag ein integrert modell for friskliv, læring og meistringstilbod. Det vil seia at helsestasjon, psykisk helse og rustenesta og ergo-/fysioterapi-tenesta arrangerer tilboda. Fysioterapeut koordinerer arbeidet.

Omgrepa friskliv, læring og meistring omfattar førebyggjande, helsefremmande og det å læra og leva med ulike helseutfordringar. Tilboda kan vere individuelle og i grupper. Det har vore gjennomført gruppetrening og kurs, og det har vore tilbod om helsesamtalar på individnivå.

6.2.6 Fastlege

Det har vore legevikar for fastlegar i permisjon til og med 1.oktober. Fastlegetenesta har omorganisert innanfor den økonomiske ramma og me har auka fra 5(6) til 7 legeheimlar. Det er rekruttert inn i nye heimlar. Endringa har ført til eit betre tilbod til innbyggjar der det nå er fleire fastlegar som har ledig plass på pasientlista. I tillegg har legane fått ei redusert arbeidsbelastning ved å få redusert pasientliste. Tiltaket er gjort for å behalde ei stabil fastlegeordning i kommunen.

6.2.7 Interkommunal legevakt

Etne og Vindafjord interkommunale legevakt, lokalisert i Ølen, har som hovudoppgåve å handtere alle medisinske nødstilfelle og behov for strakshjelp til befolkninga som til ein kvar tid oppheld seg i kommunane. Interkommunal legevakt sikrar dette ved å ha tilstadevakt av lege og sjukepleiar kvardagar frå 15.30- 23.00 og 08.00-23.00 i helg/høgtid. Lege har raud respons vakt etter kl 23.00. Vaktbelastninga for legane er fordelt mellom dei to kommunane etter avtale. Haugesund legevakt handterer telefonhendingar til legevaktstelefon 116 117. Telefonhendingar blir registrert i felles journalsystem i legevakta si opningstid som sikrar god informasjonsutveksling.

Den interkommunal luftvegsklinikken vart avvikla i år. Teststasjonen er fortsatt felles og er lokalisert i Ølen med Vindafjord som vertskommune.

6.2.8 ØHD

Tenesta er ei lovpålagt kommunal teneste frå 2016 og kommunen har frå 1.1.20 kjøpt tenesta av Tysvær kommune. ØHD er lokalisert i Tysværtunet. Det er legevakt eller fastlege som kan leggja pasientar inn i dette tilbodet etter gitte kriterium.

Oversikt over bruk av tenesta:

	2020	2021
Tal pasientar	12	17
Tal liggedøgn	45	57

6.2.9 Miljøretta helsevern

Etne har ein interkommunal samarbeidsavtale med Sauda om kjøp av tenester innan miljøretta helsevern. Sjå eigen årsmelding.

6.2.10 Kommuneoverlege

Kommuneoverlegen si rolle er å vera medisinsk fagleg rådgjevar for helsetenesta, administrasjonen og politiske organ (jf. § 5-5 i lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.). Fokusområda til kommuneoverlegen er knytt til smittevern, miljøretta helsevern, medisinsk fagleg rådgjeving, helse- og sosialberedskap, samt tvungen psykisk helsehjelp. 2021 har vore eit år der kommuneoverlegen har vore svært sentral i arbeidet knytt til korona og stillinga har vore styrka i deler av året.

6.2.11 Tenester for personar med funksjonshemming og miljøarbeidstenesta

Miljøarbeidstenesta har ytt tenester til om lag 22 innbyggjarar etter helse- og omsorgstjenestelova § 3-2-6a-b «Helsetjenester i hjemmet» og «personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt» og «avlastning» Tenesta er lokalisert i Gjerdsrabbane Bufelleskap som har 5 bustader med heildøgnsbemanning og 2 avlastningbustader i Gjerdsrabbane buettslag.

Det var ein auke i vedtak om omsorgstønad og praktisk bistand/opplæring til innbyggjarar under 67 år.

	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021
Praktisk bistand/opplæring	18	15	17	18	20
Praktisk bistand	0	7	10	7	6
Støttekontakt	14	14	17	16	15
Avlastning	2	2	2	4	4(+2)*
Koordinator	0	40	56	62	62
Omsorgstønad	4	4	4	4	7
BPA	1	1	1	1	1
Heildøgnsbemanna omsorgsbustad			5	5	5

*+2 stk der vedtaket ikkje er iverksett.

6.3 PLO

Året har som 2020 vore prega av pandemien, men i mykje mindre grad. Eininga har hatt fokus på å halde seg oppdatert på endringar knytt til pandemi som påverkar drifta. Informasjon om endringar til tilsette og pårørende har vore viktig. Det har vore krevjande for drifta å ikkje kunne halde allmøter når det er organisasjonsendringar som skal gjennomførast.

Det er gjennomført endring i organisasjonen der eininga har gått fra 3 til 4 avdelingar. Dette er gjennomført innanfor den økonomiske ramma. Ved utgangen av året var alle leiarar på plass. Det har vore utfordrande å få rekruttert inn i alle vakante stillingar, og dette har utfordra drifta med at det har blitt meir forbruk knytt til vikarbyrå og overtid. Det har lukkast å få rekruttert inn i fleire faste stillingar ved slutten av året, og dei startar opp på nyåret.

For å kunne ta imot utskrivingsklare pasientar vart 2 bustader ved «bemanna bu» på Etne omsorgssenter omgjort til institusjonsrom som eit mellombels tiltak for å kunne ta imot utskrivingsklare pasientar. Dei fleste utskrivingsklare er tatt imot.

Me har framleis eit høgare omsorgsnivå på dei fleste bemanna omsorgsbustadar, som har resultert i behov for ekstrainleige i heimetenesta..

Totalt tal brukarar har vore litt høgare dette året, men ikkje meir enn forventa. Det som er mest utfordrande er at omsorgsbehovet er blitt noko høgare hos innbyggjarane i heimane. Me har gjennom året sett ein utvikling i behovet for meir tenester til personar med demens/kognitiv svikt.

Tabell syner tal på aktive tenester per 31.12

	31.12.2018	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021
Heimehjelp/praktisk bistand	40	54	50	55
Heimesjukepleie	116	101	105	116
Matombering og matabn.	22+0	18+17	20+16	
Tryggleiksalarm	63	61	71	75
Dagtilbod til heimebuande	0	8	7	10
Omsorgslønn	1	1	1	1
Langtidsopphald institusjon	25/24	27/24	27/24	25/24(27)
Korttid/rehab	5/6	3/6	5/6	4/6
Bemanna omsorgsbustad	5/14	19/24	19/21 *1	19/19
Ubemanna omsorgsbustad			30/31	29/31
Omsorgsbustad: Privat med utpeikingsrett	3	3	3	3

*1: 3 av 10 bemanna omsorgsbustadar i Etne omsorgssenter er nytta som institusjon. 21 bemanna omsorgsbustader er innkludert 2 rom ved Skånevik omsorgssenter som kun blir nytta når det er stort behov hos innbyggjarar til mellombelse løysingar. Totalt tal utleige einingar som me planlegg utleige i er 19.

*2: 2 av omsorgsbustadene er nytta som avlastningsbustad for barn og unge. Det er renovert 2 kommunale bustader i Gjerdsrabbane burettslag.

Økonomi:

Når ein ser vekk fra koronarelaterte kostnader så har eininga eit meirforbruk som er knytt til bruk av vikarbyrå grunna manglande rekruttering til vakante stillingar(1,2 mill), ekstra bemanning knytt til høg pleietyngde(0,5 mill), og eit sjukefråver på 8,31% mot 7% som var budsjettert.(0,5 mill).

6.3.1 Institusjon

Det har vore fleire utskiftingar i pasientar dette året, og det har ført til at me har hatt ledige rom til dei som har hatt beov for det fra februar og ut året. Me har i korte periodar hatt ledige korttidsrom. Dette er planlagt fra vår side då kommunen skal vera klar til å ta imot utskrivingsklare pasientar. Helse Fonna har i deler av året hatt gult nivå i sine sjukehus m.a grunna pandemi og utskrivingsklare pasientar.

I november hadde me utbrot av covid-19 på institusjon. Både tilsette og pasientar vart råka. Smittevernstiltak vart gjennomført og situasjonen vart handtert på ein god måte. Bemanningssituasjonen var utfordrande, men dei tilsette strakk seg langt for å ivareta bemanningsbehovet.

6.3.3 Heimetenester og bemanna bu

Dei bemanna omsorgsbustadane ved Etne- og Skånevik omsorgssenter er drifta av heimetenesta. Det er framleis eit høgare omsorgsnivå på dei fleste av dei bemanna omsorgsbustadane enn det me hadde planlagt for. Det har vore utfordrande å få motivert leigetakarar som har vurdert til å ha eit høgare pleiebehov/meir avansert oppfølging til å takke ja til flytting til institusjon. Grunna leige kontrakt og vedtak så har ikkje kommunen kunne gjennomføre flytting utan at det er frivillig. Dette har resultert i auka behov for ekstrainnleige i deler av året. Fra oktober så er heimetenesta sin bemanningsfaktor styrka innanfor budsjetttramma etter omorganisering.

6.3.4 Dagsenter for personar med demens

Dagaktivitetstilbodet er for dei som treng tilrettelagte aktivitetar for å klare å bu heime lengst mogleg. Tilbodet er lokalisert i Etne omsorgssenter 4 dagar per veke. Brukarane av tilbodet kjem fra heile kommunen og me har «henteteneste» til og fra tilbudet. Dette er viktig for at brukarane skal oppleve tryggleik og ha eit ønske om å bruke tilbudet.

6.3.5 Velferdsteknologi

Kommunen har delteke i tryggleik- og meistrings prosjektet saman med kommunane på Haugalandet.

Prosjektet sine mål:

1. Velferdsteknologi vert tilbydd som ein integrert del av tenesta
2. Overgang fra prosjekt til drift for vidare samarbeid.
3. Vidareutvikling av digital helse- og omsorgstenester til regionens innbyggjarar.

Prosjektet har utført felles anskaffingar på velferdsteknologi og jobbar med innføring av løysningane.

I 2021 har ein jobba mykje med samarbeidet kring avtalar. Me har jobba mykje med heilskapleg tenestemodell som inneber alle faktorar som må vere på plass for å kunne jobbe med velferdsteknologi som ein del av tenestetilbodet vårt. Me har også jobba med ein digital konferanse som vart kalla «Bo lenger i eget heim». Her var det blant anna ein reportasje frå Etne. Konferansen vart sendt på TVH og er tilgjengeleg på nett.

I 2021 er prosjektet i regi av Haugaland Vekst overført til drift. Karmøy kommune vidarefører samarbeidet for kommunane i regionen.

Status velferdsteknologi i Etne kommune:

Etne kommune har kring 75 digitale tryggleiksalarmar i bruk.

I 2021 har me utvida tilbudet til at innbyggjarane får tilbod om tryggleikspakke som inneheld både tryggleiksalarm og røykvarslar. Røykvarslaren er eit supplement til eigen brannvarsling i heimen. Dersom den vert utløyst kallar responscenteret ut brannvesenet direkte om det er mistanke om brann. Me har hatt opplæring med Haugaland brann og redning på korleis røykvarslarane skal plasserast.

Personar med fallfare kan få tilbod om fallalarm som utløyser tryggleiksalarmen om det er eit hardt fall. Det er ca 8 tenestemottakarar som har motteke denne tenesta i 2021.

Tenesta har også sporadisk teke i bruk anna sensorteknologi som dørvarslar og mobile tryggleiksalarmar med GPS.

6.4 NAV Vindafjord-Etne

Hovudtrekk oppgåver og drift 2021

NAV skal arbeida for å betra levevilkåra for vanskelegstilte slik at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og ha eit meningsfullt liv i eit sosialt fellesskap. Vidare skal ein gi råd og rettleiing som kan bidra til å løysa eller førebyggja sosiale vanskar.

NAV kontoret, som består av 21,4 årsverk, har ansvar for statlege arbeids- og velferdsoppgåver, økonomisk sosialhjelp inkludert krisehjelp og midlertidig husvære, kvalifiseringsprogrammet (KVP), FRAM, økonomisk rådgjeving, gjeldsrådgjeving, startlån og bustøtte gjennom Husbanken og Integreringstenesta.

På grunn av koronavirus har mange gruppeaktivitetar vore heilt eller delvis stengt sidan mars 2020. Hausten 2021 flytta gruppeaktivitetane inn i nye lokale som heiter Spire, og me fekk endeleg starta opp igjen med nokre av aktivitetane våre. Det har vore vanskeleg å starta opp når det har vore nedstengt så lenge, og smittesituasjonen har vore ustabil. Me ser no behov for å evaluera aktivitetane me har slik at det vert best mogleg tilpassa behovet brukarane har.

Økonomi

Økonomisk sosialstønad

Det har vore eit meirforbruk på økonomisk sosialstønad på rundt 0,8 mill., og det har vore ein auke i utbetalingar frå 2020 til 2021 på rundt 150.000. Hovudårsaka til denne auken er at frå juli 2021 vert ikkje lenger barnetrygda rekna som inntekt ved utmåling av økonomisk sosialstønad. Det har likevel vore ein nedgang på sosialhjelpsmottakarar, samt ein reduksjon i unge under 25 år. Det har og vore færre som har stønad over 6 månadar.

Integreringstenesta

Det er ingen nye busettingar eller familiesameiningar i 5 årsperioden i 2021. Det er 7 deltakarar som har avslutta introduksjonsprogrammet i løpet av året. Ved utgangen av 2021 er det 2 deltakarar igjen i introduksjonsprogrammet, og det er 28 personar igjen i 5 årsperioda.

Ved utgangen av månaden	Totalt i 5 årsperiode	Tal på vaksne	Tal på barnefamiljar	Tal på introdeltakarar
Desember 2021	28 stk	11 stk	6 stk	2 stk
Juni 2022	14 stk	8 stk	3 stk	0 stk
Desember 2022	4 stk	3 stk	1 stk	-
Juni 2023	1 stk	1 stk	0 stk	-
Desember 2023	1 stk	1 stk	-	-
Mars 2024	0 stk	0 stk	-	-

I 2021 har me fokusert på å få kvalitet i introduksjonsprogrammet til tross for få deltakarar. Deltakarane har ved fleire tilfelle delteke på kurs i Vindafjord, dette har me hatt positive erfaringar med. Knytt til sertifiseringa av ICDP-rettleiarane deltok 5 personar frå Etne på pilotkurset.

Me ser at det er ei utfordring at vaksne, spesielt barnefamiljar, har lang reiseveg til grunnskule og vidaregåande skule. Det har og vore ei utfordring å få tak i praksisplassar. Det er og ei utfordring i høve til dei som har lite skulebakgrunn og store helseplager. Dei lærar norsk seint, og mistar trua på at dei skal kome i jobb. Når dei kjem over til arbeidsoppfølging hos NAV manglar det gode tiltak for denne gruppa. Det er i tillegg vanskeleg for desse å delta på møter og tiltak som ligg utanfor Etne.

Tiltak og aktivitet

I 2021 fekk me innvilga prosjektmidlar frå statsforvaltaren, og det vart tilsett ein aktivitetskoordinator som starta opp i august. Aktivitetskoordinatoren skal jobba med ulike aktivitetstilbod, samt auka samarbeid på tvers med andre einingar i kommunen og næringslivet.

6.5 Budsjett aksjoner

MÅL	Måltall	K.Plan	Startdato	Sluttdato	Status	Kommentar
Helse og Omsorg						
Me skal vektleggja førebygging og folkehelse, det er eit mål at den einskilde skal ta vare på eiga helse. Det offentlege tenestetilbodet skal sikra eit likeverdige tilbod i alle livsfasar.		Kap. 4				
Målindikator						
Etablere tenestekontor for helse og omsorg	100 %			01.01.2021	100 %	Gjennomført
Bemanning	1,3 årsverk		01.01.2021	01.01.2021	1,3 årsverk	Gjennomført
Revidere tenestestandard og evaluere omsorgstrappa	100% innan 31.12.2021		01.03.2021	16.09.2021	90 %	Blir ferdigstilt i 2022
Redusera sjukefråvær i Helse & Omsorg med 1 prosentpoeng		8.6	01.05.2021	31.12.2021		Har ikkje nådd målet for sektoren
Redusera bruk av vikarbyrå (PLO) frå 2020 nivå	55 %	9.1	01.01.2021	31.12.2021		Har ikkje nådd målet då det har vore for mange vakante stillingar og vanskar med å få rekruttert vikarar og fast tilsette. sommarferieavvikling: 5 stk fra vikarbyrå i ferieavviklinga mot 11 stk i 2020.
Redusera bruk av overtid frå 2020 nivå	5 %	9.1	01.01.2021	31.12.2021		Har ikkje nådd målet då det er for høgt behov for vakter til å dekke inn både ekstra og vakante stillingar. Lokal rekruttering er ein utfordring til vikarvakter og det fører til at dei fast tilsette jobbar meir enn 100%.
Heiltid – deltid. Jobbe for heiltidskultur. Redusere antal deltidsstillingar: Måle tal tilsette som har fått stillingsauke	4 gonger per år		01.01.2021	31.12.2021		Har ikkje gode nok rapportar å måle med. Er ein del av heiltid-deltid-prosjekt. Vil etablere betre rapportgrunnlag til neste år.
Frivillige: Samarbeid med frivilligsentralen om ulike aktivitetar. Møtepunkt mellom leiargruppa og frivilligsentralen	2 gonger per år		01.01.2021	31.12.2021	100 %	Etablert faste møtepunkt
Brukarundersøking skal gjennomførast i helse og omsorg	1 i løpet av året	8.5	31.08.2021	31.08.2021	100 %	Sendt ut til alle brukarar og pårørande PLO.
Kommuneoverlege/smittevern lege: Planarbeid-Smittevernsplan og helseberedskapsplan	100 %		01.01.2021		40 %	Utsett til 2022.
Auke tal fastlegeheimlar innanfor økonomisk ramme			01.01.2021	03.10.2021	100 %	Fra 5-7 heimlar. oppstart 4.10.21
Kompetanseplan for helse og omsorg	100 %	8.3			50 %	Kompetanseplan for leie og omsorg er klar til april 2022. Komeptanseplan for helse er klar til budsjettprosess 2022.

Mål for PLO						
Byggja nytt omsorgssenter i Etne i planperioden for å ivareta sjuke i eigen heim når det ikkje lenger let seg gjera å oppretthalda ei forsvarleg helseteneste i heimen		4.1				
Målindikator						
Plan for satsingar i Leve heile livet og oppstart av implementering. Vedteken plan.	100 %		14.07.2021	01.12.2021	100 %	
Pleiefaktor((tal pasientar/tilsette) institusjon skal max vere	1				100 %	Ny grunnturnus fra oktober. Pleiefaktor i grunnbemanning er ok. Har vore leigd inn ekstra i periodar innanfor budsjett
Bemanningsfaktor(tal tilsette per brukarar) for institusjon, rehab. og langtid max	3 på 10				100 %	3/10 i institusjon ved normal pleietyngde
Auke av institusjonsplassar skal vurderast	Forstudie gjennomført i August 2021		01.05.2021	01.02.2022	100 %	Arbeidet er igong. Mandat er laga. Prosjektlear er på plass og styringsgruppe, referansegruppe og prosjektgruppe er definert. Heilskapleg plan skal til politisk behandling ca februar 2022. Grunnlag for vurdering av styrking av institusjonsplasser er klart til budsjettprosessen.
Tal døgn som «overliggar»for Etne sine utskrivingsklare pasientar skal max vere	50 døgn				15 døgn	Auka institusjonsplasser på bemanna bu i Etne som mellombels tiltak førte til færre "overliggsdøgn" i helse Fonna.
Kortsiktige tiltak på institusjon. Auke tal institusjonsplasser for korttidsopphald: -1 rom alltid ledig til utskrivingsklare pasientar, -3 rom til kort tid /rehabilitering	Innan 28 feb		01.01.2021	28.02.2021	100 %	3 rom på "bemanna bu" er frigjort til korttid.

Mål for Heimetenesta						
Etne kommune satsar på heimebaserte tenester ved å nytta kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Det er eit mål at flest mogleg bur lengst mogleg i eigen heim		4.2				
Etne kommune bør oppretta eit dag-/aktivitetstilbod for heimebuande demente.		4.6				
Målindikator						
Minimum antall brukarar av velferdsteknologi som har tatt i bruk:						
o Tryggleikspakken	70 stk		01.01.2021	31.12.2021	73	Ny tryggleikspakke rulla ut.
o Medisindispenser	6 stk		15.08.2021	31.12.2021	0	Utsatt til 2022.
o Digitalt tilsyn	3 stk		01.01.2021	31.12.2021	0	Utsatt til 2022.
o Lokaliseringsteknologi	3 stk		01.01.2021	31.12.2021	3	
o Bevegelsesensensorar	3 stk		01.01.2021	31.12.2021	3	
Gevinstrealisering velferdsteknologi: Spart tid/unngått besøk	Auke frå i dag		01.02.2021	31.01.1900		Målast ein gong per mnd.
Minimum antall brukarar av kvardagsrehabilitering	3 stk		01.01.2021	31.12.2021	5	57 innbyggjarar har blitt vurdert for kvardagsrehabilitering
Alle 80-åringar får tilbod om førebyggjande heimebesøk			01.01.2021	30.09.2021		Besøk startar 10.oktober.
Tal som takkar ja til førebyggjande heimebesøk			31.12.2021	31.12.2021	8	Starta opp i oktober og fekk gitt tilbod til ca 11 innbyggjarar. 3 takka nei. Resten av årskullet(13) stk er overført til 2022
Belegg i omsorgsbustader						
o Etne Bustadskiping	19/20				18/20	Det har vore gjennomført oppussing av bustader fortløpande og det har derfor ikkje vore utleigt 19 stk til ei kvar tid.
o Gjerdsrabbane burettslag	10/11				9/11	2 stk blir nytta til avlastning. Ikkje ein del av planlagt budsjett. Grunna oppgradering har det i periodar vore ledig 1-2 bustader.
o Gjerdsrabbane bufelleskap	5/5				5/5	
o Bemanna bu Skånevik	12/14				13/14	Grunna behov så har rom nr 13 og 14 vore i bruk deler av året.
o Bemanna bu Etne	6/6				7/6	
Bemanningsfaktor bemanna bu	1/6					
o Etne: Som år 2020.						Det har vore periodar med omfattande behov(1:1 bemanning) Det har derfor vore styrka med ekstra bemanning
o Skånevik: Som år 2020						Omfattande behov hos bebuarar og ekstra belegg har ført til ekstra innleige store deler av året. Gjeld bemanna bu.
Tal innbyggjarar som nyttar seg av dagtilbudet til heimebuande innbyggjarar med demens	8 - 10 stk		01.01.2021	31.12.2021	9stk	
Fokus og oppfølging av «matsvinn» på institusjon og «bemanna bu»	Halde budsjett		01.01.2021	31.12.2021		Fokus på rett mengde bestilling av matvarer og matsvinn. Dette har ført til god økonomikontroll.

Mål for Helse						
Byggja eit godt fagleg tilbod for rusavhengige og familiane deira, der me legg vekt på eit godt tverrfagleg samarbeid mellom einingane.		4.3				
Me skal styrka helsetilbodet til personar med psykiske lidingar og utvikla butilbod.		4.4				
Målindikator						
Friskliv, læring og meistringstilbod skal vera ein integrert del av helsetenesta både i form av individuell og gruppebasert oppfølging. Tilboda skal rette seg mot pasient/brukar og pårørande						
o Kurs etter behov	2-3 per år				100 %	
o Kurs for pårørandestøtte	1 gong per år				50 %	Det vart planlagt for kurs ift demens saman med Vindafjord, men ikkje gjennomført grunna korona.
Sikre at alle barn, unge og familiar vert sett og følgt opp når det er grunnlag for uro: Tilsette arbeidar systematisk etter Bli Z modellen både på system og individnivå.			01.04.2021	31.12.2021		Det er identifisert at det må jobbast enda meir systematisk rundt barn. Kommunen har gode system og det må brukast.
Vidareutvikling av arbeid- og aktivitetssenter(dagsenter psykisk helse) som eit lågterskeltilbud: -Auke antall deltakar, -Samarbeid med frivilligsentralen			01.08.2021	31.12.2021		ca 10-15 deltakarar. Auke fra 2019 då det var ca 5-7stk til vanleg.
Styrke tilbod til unge personar med psykiske utfordringar og pårørande gjennom psykisk helseteam for ungdom.						Organisering vart endra i året, då ein arbeidstakar avslutta sitt arbeidsforhald. Tilbodet er fortsatt organisert gjennom helsestasjon, med kompetanse som helsesjukepleiarar med vidareutdanning i psykisk helse.
o Ungdom mellom 12-18 år som får oppfølging	15 stk		01.01.2021	31.01.2021	15stk	
o Føresette til målgruppa som får foreldrerettlegg	15 stk		01.01.2021	31.01.2021	15 stk	
Tenesta skal kartlegge kor mange innbyggjarar som årleg får oppfølging i psykisk helse- og rustenesta:	4 gonger per år				100 %	Plan om rapportering: 31.3, 30.06, 30.9 og 31.12
o Hovedforløp 1 (milde og kortvarige problem)						
o Hovedforløp 2 (kortvarige alvorlige problem/lidingar og						
o Hovedforløp 3 (Alvorlige og langvarige problem/lidingar)						
Oppstart ombygging: heildøgnsbemanna bustader for personar med psykiske helseutfordringar	I løpet av 2021		09.02.2021	31.12.2021	50 %	Oppstart prosjektering i 2021. Oppstart ombygging utsatt til 2022
Planlegge for drift av ny heildøgnsbemanna bustad for personar med psykiske helseutfordringar frå 2022	Plan ferdig august 2021		03.05.2021	31.08.2021	50 %	Skal vere ein del av budsjett 2022. Dette heng saman med indikator ovanfor. Drift vil truleg ikkje vera igong før siste del av 22 evt start av 23. Utset til 2022.



7. Drift og Utvikling

7.1 Innleiing

Arbeidskvardagen til Drift og Utvikling blei sterk prega av Covid-19 også i 2021. Det har særleg vore trykk på reinhaldsavdeling, men covid-19 har og vanskeleggjort mykje anna arbeid i avdelingane.

Alle tilsette har hatt ein fleksibel haldning til stadige endringar i anbefalingar og krav frå sentrale myndigheiter. Ein har på tross av utfordringane med Covid-19 klart å levera gode tenester til innbyggjarane våre.

7.2 Investering

Følgjande prosjekt vart gjennomført eller påbegynt i 2021:

- Mindre bygningsmessige tilpassingar av Etne omsorgssenter
- Ombygging av Etne helsesenter, ferdigstilling nyåret 2022
- Renovering av utleigebustad i Gjerdsrabbane 30
- Ferdigstilling av ny kai i Skånevik
- Utført arkeologiske utgravingar ved Skånevik gravplass, utbygging av gravplass i 2022
- Forprosjekt og anbodskonkurranse gjennomført for prosjekta fortau Tongane og fortau ved Etne omsorgssenter, oppstart byggearbeider 2022
- Taklekkasje Skakke
- Oppstart utviding av uteområde ved Skånevik barnehage, ferdigstilling 2022
- Kloakk og vassleidning ved Power
- Nytt vassverk Etnesjøen, har fått på plass rammeavtale med konsulent. Oppstart 2022
- Hovudplan vatn, har fått på plass rammeavtale med konsulent. Oppstart 2022
- LED lys på kunstgrasbanen
- Ny grasklippar til D/V
- Det er starta forprosjekt for utvikling av industriområdet på Fikse.

7.3 Næring

Etne kommune har i 2021 fortsett fokuset på samarbeid med næringslivsforreningane. Det har vore gjennomført månadlege møter med Fikse og Medvind. Me har eit felles arbeidsmarknad med Vindafjord så annan kvar månad har det vore eit felles møte kor ein har felles ting på agendaen. Møta har vore gjennomført hos forskjellige bedrifter kor bedrifta har presentert seg og sin kvardag. Dette har vore viktige og nyttige møte kor ein får ein god dialog og forståing på kor skoen trykke for bedrifta spesielt og næringslivet generelt.

Sentrale myndigheiter har hatt 3 rundar med støtteordningar til næringslivet. Desse har vore organisert og koordinert saman med Medvind, Fikse og nabokommunen Vindafjord. Etne kommune har brukt den offisielle portalen –[regionalforvaltning.no](https://www.regionalforvaltning.no)- samt at endelege tildelingar har vore presentert og vedteke i Formannskapet. Alle midlane ein har motteke har vore delt ut, totalt 1.280.449 millonar

7.4 Utvikling

Grunna vakanse i planstilling er kommuneplanens arealdel ytleigare forseinka; planframlegg vil bli lagt ut til offentleg gjennomsyn til sommaren 2022. Fleire av sentrumsutviklingsprosjekta blei ferdigstilt, m.a. friområdet ved Etne båthamn, anlegget på Forbrukskaia og dei fleste av småprosjekta i kommunal regi. Utebassenget i Skånevik har fått rammeløyve, og det blir arbeidd vidare med planar og finansiering mm.

Mowi fekk rammeløyve er i gang med byggesteg 2 på Fjæra, inkl. rassikring sør for E134.

Rammeløyve gitt for biogassanlegg på Tongane, treng ENOVA-støtte for å bli realisert.

Rammeløyve for serviceanlegg ved Langfoss, utsett pga. avklaringar med vegstyresmaktene.

Tilleggssøknaden for kraftlina Blåfalli-Gismarvik kom på høyring i desember 2021.

Andre store einskildsaker under handsaming: Etne prestegard (deling), Etne planteskule (disp./klage), Prestavågen i Skånevik (ny båthamn) og grensefastsetting Etne – Sauda.

Utvikling hadde følgjande produksjon i 2021:

TENESTE	TAL
Byggesøknadar eitt trinns + søknad utan krav om ansvarsrett	77
Rammesøknadar	5
Dispensasjonssaker	52
Byggesaksklager	4
Kartforretningar	51
Delingssaker pbl	28
Ferdigattest / Mellombels bruksløyve	70/ 6
Landbruk: Delingssaker (kor av 2 klagar) / Konesjonssaker	16/10

Reguleringsplanprosess for ny permanent bussterminal vest for Etne senter er starta opp, inkludert planområde vestover mot Gjerde kyrkje. Det er vedteke reguleringsplanar for Fv 548 Skånevik-Flesjo og naustområde i Gjerdsvik i Vågen, begge blei påklaga til Statsforvaltaren, men er no stadfesta.

7.5 Samferdsle

Mørkelikrysset og overgang ved Extra i Etne sentrum blei ferdigstilt i 2021. Det er bygget fortau på sørsida av E134 i sentrum, og midlertidig bussterminal er snart ferdig vest for Etne senter.

Kommunen har ansvar for 34 bruer. Fleire har alvorlege avvik som må utbetrast. Vedtekne midlar blei brukt til å starte utbetring på 3 av dem. Dette gjeld Flåte bru, Slåkabekken bru og Miljateig bru. Utbetring skal fortsette dei neste årane i etter prioriterte tiltak i til tilstandsrapport som blei utarbeida i 2020.

Oppgraderingsarbeidet ved Skånevik kai blei avslutta i 2021.

Sentrumstiltak gir eit godt løft for bygda:

Sentrumstiltak, K-sak 19/1374
Bed/Torso
Langfoss-statuen
Sæbøvika del av strandpromenade
Kong Magnus-statua
Ingvar Moe-bysta
Etne båthamn
Tilrettelegging på kaia ved Etne Forbruksforeining

Symjebasseng Skånevik
BMX

Utviding av gravplassen i Skånevik forsett i 2022. Det måtte på plass ein del avklaringar og prøvegraving i området. Arbeidet er påbegynt, entreprenøren er vald og har fått oppdrag. Oppstart av gravearbeidet vil bli etter vinteren i 2022.

Fleire av dei kommunale vegane blei nyasfalterte. I 2021 blei vegane Børkjenes og Kvammen prioritert. Der er fortsett stort etterslep på tungt vedlikehald på det kommunale vegnett, arbeidet vil fortsette dei neste årane framover. Det blei også utført, kantslått, grøfte reinsk og tøyning av sandfang kummar. Det var også økonomi til å gjenoppta kosting av vegnettet.

Det er arbeida med forlenging av fortau ved Etne omsorgssenter, oppstart vår 2022.

7.6 Bygg

Vedlikehaldsbudsjettet for bygg har vore ein stor utfordring for å kunne driva verdibevarande vedlikehald, men grunna bevilling om ekstra pengar blir nå fleire tiltak utført og avvik handtert:

Oppgradering kommunale bygg
Oppgradering utleigebustader
Tak lekkasje Skakke
Ombygging helsesenter
IK bygg og SD anlegg
Utviding uteområdet Skånevik barnehage
Ny vaskemaskin DV
Samleplassar avfall Skånevik og Etne
Bytta lys korridor Småskulen Enge

Det blei også arbeida med ein plan for uteområdet til oppvekst Skånevik skule og Enge skule, dette arbeidet forsett i 2022.

Tilleggsøyvingar, koronamidlar til tiltak blei ferdig stilt i budsjettåret.

I 2021 blei IK bygg (LAFT) er tatt i bruk på alle kommunale bygg. Arbeidsoppgåver og behov blir melde inn i et styringssystem av brukare på bygg. Oppfølging og prioriteringar er nå enklare betre for driftsoperatør og brukare. Gode tilbakemeldingar så langt. Systemet vil også nyttas til IK, revisjon og reinhald.

Covid -19 vart også dette året krevjande for reinhald med tiltak og oppfølging. Driftseininga generelt har hatt utfordringer med kapasitet og grunna redusert bemanning. Rekruttering, nyansettelser og opplæring har vært krevjande i eit år med mykje aktivitet. Internt er det i året meldt inn 64 avviks saker som da er ekstraordinære hendingar utanom dei ordinære driftsoppgåvane.

7.7 Budsjett aksjoner

MÅL	Måltall	K.Plan	Startdato	Slutt dato	Status	Kommentar
Drift og Utvikling						
Optimalisera sakshandsaming av byggjesaker	Innan 01.07.21	5.4	01.01.2021	31.12.2021	100 %	Det er starta arbeid ,med felles malar for sakshandsaming
Ferdigstillta ny kommuneplan - arealdelen	Innan 01.04.2021	10.16	01.01.2021	30.06.2021	80 %	Fredmdriftsplan er laga og det er et mål å levera planen i 2022 (del av målplan for 2022)
Innføre nye digitale søknadsportalar	01.05.2021	5.4	01.02.2021	10.05.2021	100 %	Inngått avtale med leverandørar for digital søknad frå kunder
Arbeide for at kommunen skal få ein plan for å få tilnærma full internett dekning	Innan 30.06.21	5.2	01.10.2020	01.09.2021	100 %	It har dialog med nettselskap og Telenor om dei to areala som ikkje har dekning i dag, Tungesvik og Stordalen. Tilbud fått for å etablere nye sendere. 1,2 mill pr sender.
Auka grad av vedlikehald på bygg mot verdibevarande vedlikehald		9.2	01.01.2021	31.12.2021	100 %	Vedlikehaldsplan utarbeida i løpet av februar, er ferdigstillet 10/2.
Auka sikkerheita på kommunale vegar		7.4	01.01.2021	31.12.2021	100 %	Det er laga vedlikehaldsplan for neste 4 års periode, er ferdigstillet 3/2. Asfaltering er starta
Fortsatt levera god kvalitet på vatn til abonnentar		5.2	01.01.2021	31.12.2021	100 %	Konsulent oppdrag for nytt vassverk i Etnesjøen er etablert. Tekniske vurderingar og plassering pågår.
Arbeide aktivt for god kommunikasjon og gjennomføring saman med næringslivet		5.4	01.01.2021	31.12.2021	100 %	det er etablert gjevnelege møter med Fikse og Medvind for samhandling og strategi. Monge søknadsrundar for utdeling av ekstramidler i forb. med Corona.
Det er generelt lågt sjukefråvær i einingane, men sjukefråværet er å senke sjukefråværet mot kommunens mål	Redusera med 1 prosentpoeng	8.6	01.01.2021	31.12.2021	50 %	D&V: 2020: 5,8%, 2021: 5,97% (måltal: 6%) Utvikling: 2020: 1%, 2021: 2,5% (måltal 3,0%)
Halde offentlege toalett opne, då kommunen satsar på reiseliv		5.5	01.01.2021	01.05.2021	100 %	Det er sendt ut forespørsel til 3 leverandørar i Skånøvik. Kontrakt med ingått med Krambua.
Målindikator						
Halde fristar for sakshandsamings, jf. forvaltningslova	Innan 01.01.21				100 %	Fokus på enkel sakshandsaming, og service
Få vedtatt ny kommuneplan i 2021					80 %	Oppsigelse av sakshandsamar har gjort at denne er bak plan og er planlagt ferdig i 2022
Auka mengde søknadar som kjem inn digitalt	20% auke				100 %	Alt frå proffesjonelle kjem digitalt, mens det kjem analogt frå private.
Få mindre avvik frå brukarar og få lukka avvik på alvorlege områder	30% færre avvik				0 %	Antal utrykningar/avvik har auka frå 85 i 2020 til 128 i 2021, auken er knyt til vassverk og kald vinter i 2021
Utbetne vegdekker og auke grøftevedlikehald	Oppgr 2 strekk				100 %	Vedlikehaldsplan ferdig
Laga vedlikehaldsplanar for bygg og veg	Ferdig vår-21				100 %	Ferdig i februar
Fortsette med hyppig oppfølging av vassverka og prøvetaking	0 avvik				50 %	2 avvik registrert i 2021